



Torstein Drabløs

## **Worse than a failure, is a failure to try**

Jimmy Carter og redningsaksjonen i Iran

Masteroppgave i historie- lektorutdanning

Trondheim, mai 2015

Torstein Drabløs

# Worse than a failure, is a failure to try

Jimmy Carter og redningsaksjonen i Iran

Masteroppgåve i historie- Lektorutdanninga

Trondheim mai 2015

Rettleiar: Tore Tingvold Petersen

NORGES TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET

Det humanistiske fakultet

Institutt for historiske studier





## Forord

Det er både med eit visst vemod og stor glede at masteroppgåva no er ferdig. Det er no seks år sidan eg byrja på årsstudium i samfunnskunnskap og fann ut at historie var det mest spennande samfunnsfaget. No set eg punktum for lektorutdanninga, og står framleis fast ved at moderne historie er overmåte interessant. Sjølv om studiet har vore givande, har det også vore krevjande, det er mange som fortener ei takk for å ha vore med på å gjere tida på Dragvoll og masteroppgåva betre.

Først takk til rettleiar professor Tore Tingvold Petersen. Eg er svært nøgd med det temaet du foreslo. Takk for mange fornuftige kommentarar og for eit svært godt opplegg. Kombinasjonen av klare forventningar, mykje seminaraktivitet og stor fridom har vore god. Rørosseminaret var nyttig både som mål og middel.

Takk til tilsette ved Jimmy Carter Library, som ga god hjelp medan eg var der. Takk også til universitetsbiblioteket på Dragvoll. Når ein korkje treng å presentere seg eller vise legitimasjon i skranken, er det eit teikn på at biblioteket har lagt ned eit betydeleg arbeid.

Det er også mange medstudentar som fortener takk. Takk til alle på seminaret på Røros for gode tilbakemeldingar. Takk til mi gamle kollokviegruppe for eit godt miljø, både fagleg og sosialt. Takk til lesesal 6393, her har det vore god arbeidsmoral og godt miljø, det har absolutt vore med på å betre oppgåva mi. Ein særleg takk til Julie og Christine som er med i alle desse tre gruppene. Takk for mange gjennomlesingar og diskusjonar, verdien av dei er langt større enn stolne appelsinbåtar og dårleg lesesalluft.

Takk også til familien, takk til mamma, pappa og svigermor for god støtte og hjelp gjennom studiet. Særleg takk til mamma for korrekturlesinga. Størst takk rettar eg til dei viktigaste; takk til Mia og Astrid, de minner meg på det som er viktigare enn masteroppgåva. Ingenting er meir meningsfullt enn å vere far, ingenting er meir disiplinierende. Takk Mia for at eg fekk lov til å ta turen til Atlanta, utan den kunne eg ikkje skrive denne oppgåva.

Alle feil er sjølvstapt mine egne.

Torstein Drabløs

Trondheim, våren 2015.



# Innhald

|   |    |
|---|----|
| 1. Innleiing .....  | 1  |
| 1.1 Historiografi .....                                   | 2  |
| 1.2 Mine funn .....                                       | 5  |
| 1.3 Metode.....   | 6  |
| 1.4 Kjeldene.....   | 7  |
| 1.5 Oppgåva er relevant for skuleverket.....              | 9  |
| 2. Historisk bakgrunn .....                               | 11 |
| 2.1 USA i Iran .....                                      | 11 |
| 2.2 Jimmy Carter, ein ny utanrikspolitikk .....           | 12 |
| 2.3 Revolusjonen i Iran .....                             | 13 |
| 3. Gissel utan redningsaksjon .....                       | 15 |
| 3.1 Ein vaklande start .....                              | 16 |
| 3.2 «The U.S. Stake in Iran» .....                        | 19 |
| 3.3 Sovjetunionen endra den geopolitiske situasjonen..... | 23 |
| 4. Operation Eagle Claw .....                             | 27 |
| 4.1 På veg mot ein redningsaksjon? .....                  | 28 |
| 4.2 Nasjonal ære .....                                    | 29 |
| 4.3 Ingen annan utveg .....                               | 35 |
| 4.4 Valkamp .....   | 36 |
| 4.5 Humanitære argument .....                             | 38 |
| 4.6 Designed to fail .....                                | 39 |
| 5. Passivitet.....  | 43 |
| 5.1 Ein ny aksjon var for farleg .....                    | 44 |
| 5.2 Ingen militær maktbruk .....                          | 46 |
| 5.3 Irak-Iran krigen som løysing på gisselkrisa.....      | 47 |
| 5.4 Carter si tru på dei hemmelege forhandlingane.....    | 51 |
| 5.5 Stabiliteten i Midtausten.....                        | 52 |
| 5.6 Gislane mista verdi for Carter .....                  | 54 |
| 6. Sluttvurderingar.....                                  | 57 |
| 6.1 Epilog .....  | 58 |
| 7. Kjeldeliste.....                                       | 61 |

|  |    |
|--|----|
| 7.1 Arkivmateriale frå Jimmy Carter Library, Atlanta Georgia ..... | 61 |
| 7.1.1 President's Files .....                                      | 61 |
| 7.1.2 Donated Historical Material .....                            | 61 |
| 7.1.3 Staff Office Files .....                                     | 63 |
| 7.2 Trykte primærkjelder.....                                      | 65 |
| 7.3 Bøker .....  | 66 |
| 7.4 Artiklar .....   | 68 |
| 7.5 Nettressursar .....  | 69 |

## **Aktører**

### **USA**

|                            |   |
|----------------------------|---|
| Beckwith, Colonel Charlie  | Fungerande befal for bakkestyrkene under Operation Eagle Claw.          |
| Brown, Harold              | Forsvarsminister, 1977-81.  |
| Brzezinski, Zbigniew       | Nasjonal tryggingsrådgivar, 1977-81.                                    |
| Carter, James Earl (Jimmy) | President 1977-81.  |
| Carter, Rosalyn            | Førstedame 1977-81.   |
| Christopher, Warren        | Viseutanriksminister 1977-81.   |
| Haig, Alexander            | Utanriksminister under Reagan, 1981-82.                                 |
| Jordan, Hamilton           | Stabssjef i Det kvite hus 6. august 1979- 12.juni 80.                   |
| Kennedy, Edward (Ted)      | Demokratisk senator og motkandidat til Carter i nominasjonskampen 1980. |
| Lehman, Richard            | NIC sjef.   |
| Mondale, Walter            | Visepresident 1977-81.  |
| Muskie, Edmund             | Utanriksminister 28.april 1980-81.                                      |
| Powell, Jody               | Pressesekretær 1977-81.   |
| Reagan, Ronald             | Republikansk presidentkandidat til valet i 1980, president frå 81.      |
| Precht, Henry              | Leiar for Iran-kontoret i utanriksdepartementet.                        |
| Saunders, Harold           | Leiar av kontoret for Near East Affaris i utanriksdepartementet.        |
| Sick, Gary                 | Midtausten-rådgivar i NSC   |
| Turner, Stansfield         | CIA sjef 1977-81.   |
| Vance, Cyrus               | Utanriksminister 1977-26.april 1980.                                    |

### **Iran**

Ayatolla Khomeini Øvste leiar frå revolusjonen fram til sin død i 1989.



|                                |   |
|--------------------------------|---|
| Bani-Sadr, Abol Hassan         | Utanriksminister 12.-30. november 1979, president frå 20.januar 1980. |
| Bazargan, Mehdi                | Statsminister februar 1979- 6.november 79.                            |
| Beheshti, Muhammed             | Generalsekretær i det islamske republikanske partiet.                 |
| Ghotbzadeh, Sadegh             | Utanriksminister 30 november 79- august 80.                           |
| Yazdi, Ebrahim                 | Utanriksminister april 1979-12.november 79.                           |
| <b>Andre</b><br>Mubarak, Hosni | Egyptisk visepresident.   |
| Sadat, Anwar                   | Egyptisk president.   |
| Saddam Hussein                 | Irakisk president.  |
| Waldheim, Kurt                 | Generalsekreter i FN.   |

## **Forkortingar**

DHM Donated Historical Material

DHMZBCGF Donated Historical Material Zbigniew Brzezinski Collection Geographic Files

DHMZBCSF Donated Historical Material Zbigniew Brzezinski Collection Subject Files

FBIS Foreign Broadcast Information Service

JCL Jimmy Carter Library

NAFC National Foreign Assessment Center

NIC National Intelligence Council

NSA National Security Advisor

NSC National Security Council

SCC Special Coordination Committee



## 1. Innleiing

24. april 1980 letta åtte Sea Stallion helikopter frå hangarskipet *USS Nimitz* i Persiabukta. Dei var på veg mot Teheran for å frigjere dei 53 gislane som hadde vore heldt fanga på ambassaden sidan 4. november 1979. Redningsforsøket hadde dårlege sjansar for suksess, og allereie då helikoptera stogga i ørkenen for å fylle bensin, vart det klart at forsøket måtte avbrytast. Tre av åtte helikopter hadde fått tekniske problem, ein kunne ikkje halde fram operasjonen. Under tilbaketrekkinga krasja eitt av helikoptera i eitt av Hercules-flya det skulle fylle bensin frå. Åtte amerikanske soldatar døydde i eksplosjonen. Redningsforsøket vart totalt mislukka.

Audmjukinga av USA og Carter-administrasjonen var stor. Bileta av dei utbrende soldatkroppane i hendene på jublande iranarar vart sendte på amerikansk fjernsyn. Redningsforsøket vart stogga før det møtte motstand; USA såg totalt makteslaus ut. Helikopteret, som etter flykta frå Saigon og Nixon si pinlege avreise frå Det kvite hus, hadde vorte eit symbol på feilstega til dei føregåande administrasjonane. No vart det også eit symbol på Carter sine feilsteg.

Det er overraskande at Carter valde å sette i gong ein så risikabel aksjon. Difor er hovudformålet med denne oppgåva å forstå kvifor Carter sette i gong redningsaksjonen. Carter sjølv forklarar dette med at han var uroa for gislane, og at det var ein rimeleg sjanse for at aksjonen kunne verte vellukka. Dette er det god grunn til å tvile på. Derimot er det god grunn til rekne med at hovudmotivasjonen til Carter var å legitimere at han byrja å drive valkamp. Med redningsforsøket syntte Carter at alle middel var prøvde. Då kunne han legge gisselkrisa til side og fokusere på å drive valkamp.

For å forstå kvifor Carter valde denne aksjonen, må ein sjå på kva handlingsrom han hadde. Det tok svært lang tid frå gislane vart tekne 4. november 1979 til redningsforsøket vart vedteke 11. april 1980. Likeeins tok det svært lang tid frå redningsaksjonen til gislane vart frigjort 20. januar 1981. Carter hadde rom til å gjere andre redningsforsøk, men gjorde det ikkje. Det tyder på at redningsaksjonen var eit dårleg alternativ for å frigje gislane.

Då er det naturleg å avgrense denne oppgåva med når gislane på ambassaden vart tekne, 4. november 1979. Den andre vegen er det ikkje like gitt kor langt oppgåva skal strekkjast. Historie er kronologisk, i utgangspunktet kan ein ikkje forklare kvifor Carter gjorde som han gjorde med kva som hendte etterpå. Likevel kan fråværet av handling seie ein heil del om vurderingane til Carter. Det er rimeleg å tru at Carter hadde nokre av dei same prioriteringane etter aksjonen som før aksjonen og at Carter hadde ei viss forståing av kva som ville verte

konsekvensane av aksjonen. Då er det interessant å sjå på vurderingane etter redningsaksjonen og fram til gislane vart frigjort. Denne oppgåva handlar ikkje om forhandlingane som førte til at gislane vart frigjort, her er det berre relevant å sjå at det vert gjort truverdig framgang. Derimot knyt eg aksjonen opp mot presidentvalet 4. november 1980, dette vert slik ein naturleg avslutning på undersøkinga mi.

## 1.1 Historiografi

Det er naturleg nok skrive svært mykje om Jimmy Carter sitt presidentskap. Det meste av dette inkluderer utanrikspolitikken. Her er det hovudsakleg fire områder som har vorte dekt, dei to største utanrikspolitiske suksessane til Carter, altså avtalen om overføringa av Panamakanalen, og Camp David-avtalen mellom Egypt og Israel. Forholdet til Sovjetunionen og utfordringane i Iran er det også skrive mykje om. Utfordringane i Iran er både knytt til politikken før revolusjonen og under gisselkrisa. Gisselkrisa er ein traumatisk del av amerikansk historie, og fleire verk er via til denne. Ser ein på sjølv redningsaksjonen er omfanget av litteraturen meir avgrensa, men også her har det kome fleire verk, både bøker og artiklar.

Det er rimeleg å dele historiografien om Carters utanrikspolitikk inn i to skular. Den første, og mest dominerande, kan kallast tradisjonalistisk og er prega av eit kritisk syn på Carter.<sup>1</sup> Dei fleste anerkjenner hans to store sigrar, Panamakanalen og Camp David-avtalen. Dette er likevel ikkje nok til å vege opp for at administrasjonen førte ein forvirrande og lite konsistent utanrikspolitikk. Carter gjekk til val på å skape ein ny og moralsk utanrikspolitikk, men klarte det i lita grad. Den interne striden mellom nasjonal tryggingrådsgivar Zbigniew Brzezinski og utanriksminister Cyrus Vance vert gjerne trekt fram som ein av grunnane til at Carter førte «a policy that zigzagged», som Garthoff kallar det.<sup>2</sup> Carter sin ideologiske forankring var mest i tråd med Vance. Likevel vann Brzezinski-linja frå til slutt. Dette var både fordi Carter mangla utanrikspolitiske erfaring, Brzezinski sin nærleik til Carter gjennom å jobbe i Det kvite hus, og at fleire av Carter sine andre rådgivarar ofte støtta Brzezinski. Totalt sett vart då utanrikspolitikken lite konsistent. Den sovjetiske invasjonen i Afghanistan vert gjerne sett på som det avgjerande punktet der Carter innsåg at ein måtte følgje ein hardare, meir realistisk

---

<sup>1</sup> Burton I. Kaufman og Scott Kaufman, *The Presidency of James Earl Carter Jr.* (Lawrence: Kansas University Press 2006); Gaddis Smith, *Morality, Reason and Power: American Diplomacy in the Carter years* (New York: Hill and Wang, 1986); James Bill *The Eagle and the Lion: the Tragedy of American-Iranian relations* (New Haven: Yale University Press, 1988), 243-60.

<sup>2</sup> Raymond L. Garthoff, *Détente and Confrontation: American-Soviet Relations from Nixon to Reagan* (Washington D.C.: The Brookings Institution, 1994), 623.

orientert utanrikspolitikk, medan Vance si oppseiing etter redningsaksjonen vert ein slags kulminasjon av striden. Denne oppgåva bekreftar at Carter førte ein realpolitisk utanrikspolitikk mot slutten, men stiller spørsmål med alvoret i Vance-Brzezinski splitten.

På den andre sida har vi historikarar som har eit langt meir tilgjevande syn på Carter.<sup>3</sup> Her vert det fokusert på at mange av problema i Carter sitt presidentskap i liten grad kan skuldast Carter. Korkje revolusjonen i Iran eller den sovjetiske invasjonen i Afghanistan var Carter sin feil, og at det er urimeleg å skulde han for dette. Dessutan vil dei gjerne hevde at han løyste problema relativt godt. Sovjet sin invasjon i Afghanistan vart mislukka, gislane i Iran vart frigjort. John Dumbrell er kanskje den som går lengst i å framheve dei positive sidene ved Carter sitt presidentskap.<sup>4</sup> Sjølv om eg langt på veg er eining i at mykje av kritikken mot Carter har vore for hard, syner denne oppgåva at ein del av kritikken også var rimeleg. Redningsaksjonen kan ikkje forklarast ut i frå Carter sine ideal.

Sjølv om det framleis er etter måten stor konsensus om at Carter sitt presidentskap hadde store manglar, er synet jamt over meir nyansert enn det var dei første åra etter at han gjekk av. Dette er det fleire grunnar til. For det første har dei seinare historikarane eit vesentleg betre kjeldegrunnlag frå Jimmy Carter Library, enn dei tidlege. Dessutan er historikarar prega av samtida si. Det er ikkje rart at Carter sitt forsøk på ein mild og imøtekomande utanrikspolitikk vart sett i eit dårleg lys under Reagan sin krasse, men tilsynelatande vellukka retorikk. Likeeins er det forståeleg at det vart ei auka interesse for Carter når George W. Bush førte ein mykje kritisert og lite humanitær utanrikspolitikk. Itai N. Sneh meiner det er eit tydeleg skifte i synet på Carter etter 11. september 2001, Bush sin invasjon i Irak, og at Carter fekk Nobelprisen, mellom anna for å ha kritisert Bush.<sup>5</sup>

Når ein ser på litteraturen om gisselkrisa er det naturleg å dele den inn i dei same skulane. Det aller meste som er skrive framhevar dette som ei pinleg side ved presidentskapet. Carter greidde ikkje å legge eit truverdig press på Iran og Ayatolla Khomeini. Totalt sett var heile situasjonen med gislane svært audmjukande for Carter.<sup>6</sup> Likevel er det fleire forfattarar som meiner at problema primært må forklarast utan å skulde på Carter. David Farber, som har

---

<sup>3</sup> Robert A. Strong *Working in the World: Jimmy Carter and the Making of American Foreign Policy* (Baton Rouge: Louisiana State University Press, 2000).

<sup>4</sup> John Dumbrell, *The Carter Presidency: A Re-Evaluation* (Manchester: Manchester University Press, 1995)

<sup>5</sup> Itai Nartzizenfeld Sneh *The Future Almost Arrived: How Jimmy Carter failed to change U.S. foreign policy*. (New York: Peter Lang, 2008), 8-11.

<sup>6</sup> Mary E. Stuckey, *Jimmy Carter, Human Rights and the National Agenda* (College Station: Texas University Press, 2008), 131; Scott Kaufman, *Plans Unraveled: The Foreign Policy of the Carter Administration* (DeKalb: Northern Illinois University Press, 2008), 203-6.

gjort eit av dei grundigaste arbeida med gisselkrisa, introduserer boka si med å forklare at «Rather than cast blame on the key actors, I explain how the political context of the late 1970s reduced the Carter administration's options in managing and resolving the Iran hostage crisis».<sup>7</sup>

Olav Njølstad representerer ein tredje kategori. Han har jobba mykje med Carter sin Iran-politikk, men fokuserer lite på gisselkrisa. Det var ikkje gislane som var viktigast for Carter i Iran. Derimot var Carter etter revolusjonen «obsessed with the vulnerability of Western interest in the Persian Gulf region».<sup>8</sup> Dette er eit syn denne oppgåva stadfestar.

Litteraturen om redningsaksjonen er i all hovudsak kritisk til Carter.<sup>9</sup> David Patrick Houghton brukar hovuddelen av boka si på å forklare korleis Carter og hans rådgivarar kunne gjere eit så dårleg val.<sup>10</sup> Mest kritisk er framstillinga til Richard C. Thornton. Han er svært kritisk både til planlegginga og gjennomføringa av aksjonen, og særleg til avbrytinga. Dette gjer at han også foreslår at «the rescue mission was cut short because the president had never intended it to do more than carry out a show in the first place».<sup>11</sup> Denne oppgåva er også kritisk til redningsaksjonen. Sjølv om det ikkje er kjeldegrunnlag for å bekrefte mistankane Thornton lanserer, er desse rimelege. Alt i alt er det vanskeleg å forstå korleis Carter kunne sette i gong denne aksjonen med det beste for gislane i tankane. Den var for risikabel, han må ha hatt andre intensjonar.

Jamt over er det skrive lite om Carter sin motivasjon for å sette i gong redningsaksjonen. I hovudsak dreier det seg om korte avsnitt i større verk. *American Foreign Relations: A History* er eit godt døme på dette, der konkluderer dei med at «Carter's decision to mount the operation seems to have been motivated by personal frustration and political desperation».<sup>12</sup> Det som er skrive kan settast inn i dei to skulane. Tradisjonaristane vil hevde at Carter sette i gong aksjonen

---

<sup>7</sup> David Farber, *Taken Hostage: The Iran Hostage Crisis and America's first Encounter with Radical Islam* (Princeton: Princeton University Press, 2005), 2; dette synet vert delt av Douglas Little, *American Orientalism: The United States and the Middle east since 1945* (Chapel Hill: The University of North Carolina Press, 2008), 227-7; Kenneth M. Pollack, *The Persian Puzzle: The Conflict between Iran and America* (New York: Random House, 2004), 130-80.

<sup>8</sup> The Carter Legacy: Entering the Second Era of the Cold War,» i Olav Njølstad red. *The Last Decade of the Cold War: From Conflict Escalation to Conflict Transformation* (London: Frank Cass 2004), 203; Christian Emery, *US Foreign Policy and the Iranian Revolution: the Cold War Dynamics of Engagement and Strategic Alliance* (London: Palgrave MacMillan, 2013), har ei liknande tilnærming.

<sup>9</sup> Betty Glad, *An Outsider in the White House: Jimmy Carter, his Advisors, and the Making of American Foreign Policy* (Ithaca: Cornell University Press, 2009), 263-9; Paul B. Ryan, *The Iranian Rescue Mission: Why It Failed* (Annapolis: Naval Institute Press, 1985).

<sup>10</sup> David Patrick Houghton, *US Foreign Policy and the Iran Hostage Crisis* (New York: Cambridge University Press, 2001).

<sup>11</sup> Richard C. Thornton, *The Carter Years: Toward a new Global Order* (New York: Paragon House, 1991), 505; Tore Tingvold Petersen argumenter også for dette synet i *Anglo-American Policy toward the Persian Gulf, 1978-1985: Power Influence and Restraint* (Brighton: Sussex Academic Press, 2015).

<sup>12</sup> Thomas G. Paterson et.al, *American Foreign Relations: A History* (Boston: Wadsworth Cengage Learning 2010), 411.

for å syne seg handlekraftig, og då gjerne kople det opp mot valet. Scott Kaufman representerer denne skulen, men som hjå dei fleste andre manglar det her ein diskusjon av motivet.<sup>13</sup> Medan revisjonistane aksepterer forsøket som eit reelt forsøk med situasjonen til gislane som motivasjon. Peter G. Bourne er ein av dei som framhevar Carter si uro over situasjonen til gislane, men påpeikar at andre i administrasjonen kan ha vektlagt det å syne handlekraft like mykje.<sup>14</sup>

Det er skrive svært lite om kvifor Carter-administrasjonen tok sjansen på å gjennomføre Operation Eagle Claw. Det som er skrive om spørsmålet er i all hovudsak anten kortfatta og overflatisk, eller skrive som forsøk på å støtte ein teori, slik som Houghthon som det er viktigare for å forklare teorien, enn å forstå Carter. Mine litteratursøk har ikkje funne nokon, som med dagens kjeldegrunnlag, har grundig drøfting av kvifor aksjonen vart sett i gang.

## 1.2 Mine funn

Hovudfunnet mitt er at Carter ikkje kan ha sett i gong redningsaksjonen primært for å frigi gislane. Dette bekreftar i stor grad det som allereie er skrive om temaet. Sjansane for suksess var så små, og dei mest sannsynlege konsekvensane for gislane så alvorlege at aksjonen må ha hatt andre mål. Då er den viktigaste grunnen til at Carter sette i gong aksjonen at han ville syne handlekraft, og på den måten også legitimere at han kunne drive valkamp.

Eit delfunn som støttar dette hovudfunnet er at Carter etter alt å dømme ikkje var særleg uroa for situasjonen til gislane. Dette bryt med det meste som er skrive før. Uroa til Carter er i dei fleste forklaringar, som trur motivasjonen var situasjonen til gislane, sjølv grunnlaget for avgjersla. I og med at Carter ikkje var så uroa som mange har trudd, har han heller ikkje sett i gong aksjonen for å redde dei.

Eit tredje funn er at Carter vart påverka av Anwar Sadat. Den egyptiske president åtvara Carter om at USA tapte ansikt i Midtausten på grunn av gisselkrisa berre dagar før aksjonen vart vedteken. Sjølv om Sadat neppe var avgjerande for Carter, var dette eit argument Carter sjølv brukte, og det har vore med på å legitimere avgjersla i administrasjonen.

Eit fjerde funn er at det er rom for å tru at krigen mellom Irak og Iran var initiert av Carter-administrasjonen. Sjølv om mange historikarar avviser samanhengen som ein konspirasjonsteori,<sup>15</sup> syner denne oppgåva at Carter-administrasjonen vurderte krigen som

---

<sup>13</sup> Scott Kaufman, *Plans Unraveled*, 206.

<sup>14</sup> Peter G. Bourne, *Jimmy Carter: A Comprehensive Biography from Plains to Post Presidency* (New York: Scribner, 1997), 460. Sjå også Pierre Salinger, *America Held Hostage: The Secret Negotiations* (London: André Deutsch Limited, 1982), 234-5.

<sup>15</sup> Emery, *US Foreign Policy and the Iranian Revolution*, 173ff; Pollack, *The Persian Puzzle*, 466.



tenleg. Sjølv om det ikkje åleine er nok til å slå fast at USA stod bak krigen, styrkar det dei allereie kjende påstandane til mellom anna Alexander Haig<sup>16</sup> om at Carter-administrasjonen gav Saddam Husein klarsignal til å angripe Irak. Då er det sterke indikasjonar på at denne krigen vart starta etter amerikansk initiativ. Likevel manglar det her sikre prov. Funnet styrkar Haig sine påstandar, men det er likevel absolutt behov for meir forskning.

Mitt femte funn er at konflikten mellom Vance og Brzezinski langt på veg er overdramatisert. Sjølv om det er klart at Vance sa opp på grunn av ein avgjersle han var usamd i og som Brzezinski var ein av pådrivarane for, førte Carter etter aksjonen nett den politikken Vance meinte han burde. Det er også tydeleg at Carter ønskte ein ny utanriksminister av valpolitiske årsaker.

Det sjette funnet er at det er god grunn til å tru, som Thornton har argumentert for, at aksjonen var planlagt for å verte avbroten. Det er ei rimeleg forklaring på kvifor Carter tok denne sjansen. Det må då merkast at det er ingen grunn til å tru at det var intensjonen at aksjonen skulle gå som den gjekk. Helikopterkrasjet ved Desert One var ei ulykke.

Totalt sett bygger oppgåva mi opp under argumentasjonen om at Carter har sett i gong redningsaksjonen for å kunne drive valkamp.

### 1.3 Metode

Denne oppgåva er skriva etter prinsippet om at dess nærmare ei kjelde er hendinga, både i tid og rom, dess sikrare er den. Kjelder produserte for samtida er meir truverdige enn dei som er produserte med tanke på ettertida. Samtidige kjelder er meir truverdige enn kjelder produserte i ettertid. Kjelder frå personar nært avgjerslene, er viktigare enn dei som er fjerne, det er til dømes meir relevant kva Carter meiner enn kva rådgivarane hans meiner, og desse er igjen viktigare enn meir premisletrandørar som CIA.<sup>17</sup> Difor er det ein stor fordel for denne oppgåva at den er basert på ein arkivstudie i Jimmy Carter Library, Atlanta. Kjeldene her er utvilsamt dei som er nærmast avgjerslene, sjølv om det også her er ei utfordring at samlingane i ettertid har vorte vurderte ut i frå mellom anna nasjonal tryggleik, og berre delar av det fullstendige arkivmaterialet er deklassifisert.

Forskinga er først og fremst kjeldebasert. Det er innhaldet i kjeldene som er avgjerande for kva spørsmål oppgåva svarer på. På den måten vert arbeidet etter i store grad etter den

---

<sup>16</sup> Alexander Haig var amerikansk utanriksminister 1981-82.

<sup>17</sup> Dette er eit grunnleggande prinsipp i historisk forskning, sjå mellom anna Knut Kjeldstadli *Fortida er ikke hva den en gang var: En Innføring i Historiefaget* (Oslo: Universitetsforlaget 1999), 175-80. Likevel er det ei vesentleg styrke i dette arbeidet, som ein dessverre ikkje finn i alt arbeidet om redningsaksjonen.

hermeneutiske sirkel. Hovudgrunnen til at eg har valt denne tilnærminga er erkjenninga av at verda er kompleks.<sup>18</sup> Dersom eg skulle ha gjort denne forskinga hypotetisk-deduktiv, ville eg truleg ha formulert ei hypotese som Carter sett i gong redningsaksjonen for å legitimere at han kunne drive valkamp. Då ville eg vore mindre open for å sjå dei andre interessante elementa i kjeldematerialet mitt. Likevel er det klart at arbeidet har hatt ein overordna problembasert basis. Eg har heilt frå starten freista å finne ut kvifor Carter tok sjansen på aksjonen. Dette har ført til visse problem, i og med at eit av mine funn er samanhengen mellom krigen mellom Irak og Iran, og gisselkrisa. Dette var ikkje det eg søkte etter i arkivet, og sjølv om oppgåva mi tydeleg viser at krigen vart vurdert og utnytta av Carter, treng ein meir forskning for å kunne forstå denne samanhengen fullt ut.

Sjølv om forskingsarbeidet er gjort etter rekonstruktivistiske ideal er eg heilt klar over at ein ikkje kan rekonstruere fortida slik den eigentleg var.<sup>19</sup> Eg er, som andre historikarar prega av mi samtid og min ståstad, det vert også mi framstilling. Eg kan ikkje unngå subjektiviteten, men eg kan til ei viss grad vere open om den. Eg gjekk inn i denne undersøkinga med eit positivt syn på Carter. Eg hadde mellom anna sympati for hans idealisme og ønske om å attreise tilliten til presidentembetet. Dette kan ha påverka min interpretasjon av handlingane hans. Dette er sjølv sagt ei utfordring, men å vere open om det, er med på å redusere problemet.

## 1.4 Kjeldene

Som nemnt er dette arbeidet basert på ein arkivstudie i Jimmy Carter Library, Atlanta (JCL). Kjeldene vart henta i månadsskifte oktober november 2014. Det er særleg samlingane *National Security Advisor (NSA)*, *Plains File*, og *Donated Historical Materials-Zbigniew Brzezinski Collection (DHMZBC)*, som har vore nyttige. Vidare har eg brukt ei rekkje andre kjelder frå arkivet som *Donated Historical Materials*, *Papers of Jody Powell*, *Donated Historical Materials*, *Papers of Walter Mondale*, og *Congressional Liaison Office*.

*National Security Advisor* og *Donated Historical Materials-Zbigniew Brzezinski Collection* er samlingar frå National Security Council<sup>20</sup>. Dette gjer at Brzezinski og kretsen rundt han er overrepresentert i kjeldematerialet mitt. Ideelt sett skulle det vore med like mykje kjeldematerial frå utanriksdepartementet, særleg for perioden etter redningsaksjonen hadde

---

<sup>18</sup> Sjå mellom anna Kjeldstadli 1999, 119-25.

<sup>19</sup> Sjå mellom anna Alun Munslow, *The New History* (Harlow: Pearson, 2003).

<sup>20</sup> National Security Council, heretter NSC, vart etablert av President Truman i 1947, er leia av presidenten og har visepresidenten, utanriksministeren, finansministeren, forsvarsministeren, nasjonal tryggingrådsgivar, Joint Chief of Staff og CIA-direktøren. Det er viktig å skilje mellom NSC og NSC-staben som er byråkrater, gjerne ekspertar på ulike områder som er leia av nasjonal tryggingrådsgivar. Sjå «National Security Council» <http://www.whitehouse.gov/administration/eop/nsc> henta 12. januar 2015.

dette vore nyttig. Dette er dessverre ikkje arkivert i Jimmy Carter Library, men i National Archives i Washington. Difor er det ikkje rom for å få med desse kjeldene i ein masteroppgåve på 30 studiepoeng. Det kunne likevel vore interessant for vidare arbeid. Likevel er det klart at det var i Det kvite hus, avgjerslene skjedde. Dessutan deltok både Cyrus Vance og viseutanriksminister Warren Christopher på NSC-møta, som eg har mange referat frå. Såleis er dei godt representert i kjeldematerialet.

*Plains File* er ei samling av dei papira Carter meinte var viktigast for han då han skulle skrive memoarane sine, *Keeping Faith*. Han tok desse med seg til heimbyen sin, Plains, før han leverte dei til arkivet. I og med at gislane er eit av temaa i *Keeping Faith* er det mykje relevant stoff i denne samlinga. Sjølv om eg ikkje vil skulde Carter for å ha redigert samlinga, er det likevel verdt å merke seg at dette er ei samling der han personleg har kunna kontrollert innhaldet.

Mykje av materialet brukt i dette arbeidet er henta frå den digitaliserte delen av Carter-arkivet, CREST. Her er det samla mange tidlegare klassifiserte dokument, som no er tilgjengelege digitalt frå ein eigen PC i arkivet. Dette nye kjeldematerialet er ei stor styrke for oppgåva. Det er også ein stor fordel at desse digitale dokumenta er råd å søke i. Difor har eg konsultert alle tilgjengelege dokument etter gislane vart tekne, som inneheld orda *hostage*, *hostage crisis*, *Iran*, *rescue mission*, *rescue attempt* og *Operation Eagle Claw*. Her kan eg ha gått glipp av nokon relevante dokument, det kan oppstå feil i elektronisk søking i PDF-dokument, men med så breitt søk er sannsynet for å miste viktige dokument liten. Ikkje alle digitale dokument er endå tilgjengelege i dei samlingane dei faktisk kjem frå. Her vert dei difor referert til med digitalarkivnummeret sitt.<sup>21</sup>

Det er ei utfordring at store delar av arkivmaterialet er klassifisert. Sjølv om mykje har vorte tilgjengeleg dei siste åra, er det framleis mange sentrale dokument som er heilt eller delvis klassifiserte på grunn av omsynet til nasjonal tryggleik. Dette gjer at resultata i oppgåva vert mindre sikre, det er opp til framtidige historikarar å bekrefte eller avkrefte dei. Likevel er det god grunn til å ha tiltru til funna i oppgåva, den brukar dei beste kjeldene som er tilgjengeleg.

Vidare byggjer arbeidet på ei rekkje publiserte kjelder. Memoarlitteraturen om temaet er omfattande. Særleg viktig har naturleg nok memoarane til Carter, Brzezinski og Vance vore.<sup>22</sup> Eg har også hatt nytte av memoarane til stabsjefen Hamilton Jordan, pressesekretær

---

<sup>21</sup> I og med at digitalarkivnummeret er fullstendig referanse, vert det av plassomsyn ikkje teke med konsulterte dokument i litteraturlista.

<sup>22</sup> Jimmy Carter, *Keeping Faith: Memoirs of a President* (Toronto: Bantam Books, 1982); Zbigniew Brzezinski, *Power and Principle: Memoirs of the National Security Adviser 1977-81* (London: Weidenfeld and Nicolson,

Jody Powell, visepresident Walter Mondale og førstedame Rosalynn Carter.<sup>23</sup> Vidare har Warren Christopher redigert ei bok, og Gary Sick gitt ut bøker, om gisselkrisa. Sjølv om desse ikkje er akkurat memoarar, er dei skrivne av aktørar og må behandlast med omhug.<sup>24</sup> Sist, men ikkje minst har Carter si dagbok frå tida som president vore ei viktig kjelde.<sup>25</sup> Alle desse bøkene har det til felles at dei er redigerte verk meint for ettertida. Aktørane skriv altså sjølve historia, då skriv dei sjølvsgat dei sjølv vel å framstille henne. Det gjer ikkje at dei er unyttige eller at innhaldet nødvendigvis er usant. Det er likevel ingen tvil om at ein må vere kritisk til desse kjeldene, både fordi dei ønskjer å sette seg sjølve i eit godt lys, og fordi dei i tid er fjerne frå hendingane. Minne er problematisk som historisk kjelde, og fleire av desse er skrivne fleire år etter hendingane. Likevel er det to store fordelar med denne litteraturen. For det første dekkjer den områder som ikkje er tilgjengelege i arkivmaterialet. For det andre har forfattarane tilgang til tankeprosessane til aktørane. Det manglar ofte i arkivmaterial som til dømes møtereferat. Når ein søker å finne motivet for ei handling, er nett desse tankeprosessane særleg interessante.

For det militærtekniske har den offisielle granskinga av redningsaksjonen, kjent som *Holloway Report*<sup>26</sup> vore svært nyttig. Denne gir ei grundig analyse av militære aspekt ved aksjonen. Den fullstendige rapporten er framleis klassifisert, og det kunne sjølvsgat vore interessant å lese denne.

## 1.5 Oppgåva er relevant for skuleverket

Dette er ei masteroppgåve på det femårig lektorstudiet i Historie. Difor er det eit poeng at oppgåva er relevant for skuleverket. Det er det ingen tvil om at den er. Oppgåva er realhistorisk, og relevant for fleire kompetansemål i historie både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. På ungdomskulen er å «drøfte årsaker til og verknader av sentrale internasjonale konflikhtar på 1900- og 2000-talet» det mest aktuelle målet, oppgåva handlar både om den kalde krigen og konflikten mellom Vesten og fundamentalistisk islam. Oppgåva er også relevant for å «vise korleis hendingar kan framstillast ulikt, og drøfte korleis interesser og ideologi kan prege synet

---

1983); Cyrus Vance, *Hard Choices: Critical Years in America's Foreign Policy* (New York: Simon and Schuster, 1983).

<sup>23</sup> Hamilton Jordan, *Crisis: the Last Year of the Carter Presidency* (New York: G.P. Putnam's sons 1982); Jody Powell, *The other side of the Story* (New York: William Morrow and Company, Inc., 1984); Walter F. Mondale, *The Good Fight: A Life in Liberal Politics* (New York: Scribner, 2010); Rosalynn Carter *First Lady from Plains* (Boston: Houghton Mifflin Company 1984).

<sup>24</sup> Warren Christopher red., *American Hostages in Iran: The Conduct of a Crisis* (New Haven: Yale University Press, 1985); Gary Sick, *All Fall Down: America's Tragic Encounter with Iran* (New York: Random House Inc., 1985).

<sup>25</sup> Jimmy Carter, *The White House Diary*, (New York: Farrar, Straus and Giroux, 2010).

<sup>26</sup> «Holloway Report» 23. august 1980, henta 3. september 2014 frå <http://www2.gwu.edu/~nsarchiv/NSAEBB/NSAEBB63/doc8.pdf>.

på kva som blir opplevd som fakta og sanning» og «skape forteljingar om menneske frå ulike samfunn i fortid og notid og vise korleis livsvilkår og verdiar påverkar tankar og handlingar». For den vidaregåande skulen er oppgåva relevant for fleire mål: «presentere en historisk person og drøfte hvordan samtidige ideer og samfunnsforhold påvirket denne personens tenkemåter og handlinger», «gi eksempler på kontroversielle historiske emner og drøfte motstridende årsaksforklaringer til en historisk hendelse», og «undersøke to eller flere internasjonale konflikter etter 1945, og vurdere konfliktene, sett fra ulike perspektiver» står fram som særleg relevante.

Gjennom arbeidet med oppgåva har eg fått god kjennskap til korleis historie vert skapt. Korleis ein ut i frå arbeid med kjelder tolkar seg fram til, og konstruerer ny historie. Denne forståinga er vanskeleg å lese seg til. Difor er det ein særleg stor fordel å ha skrive ei matseroppgåve for å kunne arbeide med framtidige elvar si historieførståing og dekke kompetansemålet «identifisere og vurdere historisk materiale av ulik art og opphav som kilder, og bruke det i egne historiske framstillingar».<sup>27</sup>

---

<sup>27</sup> Sjå <http://www.udir.no/k106/HIS1-02/> og <http://www.udir.no/k106/SAF1-03/Kompetansemal/?arst=98844765&kmsn=583858936> for alle kompetansemåla.

## 2. Historisk bakgrunn

### 2.1 USA i Iran

Heilt sidan imperialismen på 1800-talet har Iran<sup>28</sup> vore interessant både økonomisk og geopolitisk for vestlege makter. Etter at det vart funne olje der i 1908, er det tydeleg at Iran har vore økonomisk viktig. Geopolitisk har først Iran vore ein måte for britane å få kontroll over vegen til India, og samtidig hindre russisk ekspansjon sørover mot Indiahavet. Sjølv om Iran ikkje vart kolonisert, hadde Storbritannia stor innflytelse den første halvdel av 1900-talet.

Frå iransk side var det strategisk fornuftig å ha britane som ei garanti-makt. London var langt unna, medan Russland var faretruande nær. Likevel var det langt frå uproblematisk å la ei framand makt vere så dominerande. Britar fekk privilegium som gjorde situasjonen vanskelegare for iranarar. Dette er sjølvstøtt problematisk innarikspolitisk, og særleg i eit land med ei svært stolt historie. Både den demokratiske revolusjonen i 1906, militærkuppet i 1923 og Mossadegh si nasjonalisering av oljeindustrien i 1953 kan forståast som omveltingar grunna i nasjonalisme.<sup>29</sup>

På 1930-talet freista sjah Reza Pahlavi å fri seg frå britisk dominans og knytte tette band til Hitler-Tyskland. Dette fører til at dei allierte ser såg nøyddde til å invadere landet i 1941, og tvinga sjahen til å abdisere til fordel for sin 22 år unge son Mohammad Reza Pahlavi. Dette markerte starten på ei periode med stor amerikansk innverknad i Iran.<sup>30</sup>

Under den kalde krigen vart Iran si strategiske viktighet vitalisert. Landet var viktig for USA både på grunn av sine store oljeførekomstar og si strategiske plassering. Saman med NATO-landet Tyrkia danna Iran ein buffer mot Sovjetunionen og hindra at Midtausten kom inn i den kommunistiske sfæren. Difor våga USA ein dristig etterretningsoperasjon og får avverja omveltingane i 1953. Den demokratisk valte statsministeren Mohammad Mossadegh vart avsett til fordel for sjah Mohammed Reza Pahlavi. Etter dette kan forholdet mellom Iran og USA forståast som eit patron-klient forhold.<sup>31</sup>

---

<sup>28</sup> Iran hadde offisielt namnet Persia fram til 1935, denne oppgåva brukar konsekvent namnet Iran.

<sup>29</sup> Pollack, *The Persian Puzzle*, 60.

<sup>30</sup> Nikki R. Keddie, *Modern Iran: Roots and Results of the Revolution* (New Haven: Yale University Press, 2003) 105.

<sup>31</sup> Pollack, *The Persian Puzzle*, 40ff ; Lars Gule *Islam og det Moderne* (Oslo: Abtast Forlag, 2006), 180; Mary Ann Heiss «U.S. Interest in the Middle East since 1945.» i *Controlling the Uncontrollable?*, red. Tore T. Petersen (Trondheim: Tapir Academic Press, 2006), 78-81; Olav Njølstad «Shifting Priorities: The Persian Gulf in US Strategic Planning in the Carter Years,» 4, no 3(2006).

Utover 60- og 70-talet endra forholdet mellom USA og Iran seg. Sjahan fekk i større grad kontroll over eige land. Samtidig vart Iran viktigare for USA reint militært. Gjennom massive våpenkjøp frå USA vart Iran den sterkaste militærmakta i regionen. Samtidig hadde USA utfordringar med sine arabarallierte på grunn av seksdagarskrigen. Dette skjedde samtidig som britane trakk seg ut av «East of Suez»,<sup>32</sup> og USA hadde store forpliktingar i Vietnam. Då vart Iran ikkje berre er ein klient, men ein viktig regional alliert. Samtidig vart sjahan sitt styre i Iran meir og meir brutalt. Det hemmelege politiet, SAVAK, som vart utvikla i samarbeid med CIA, dreiv med tortur av opposisjonelle i utstrakt grad. Samtidig vart det dårlegare kår for det tradisjonelle islamske styret gjennom *ulama*.<sup>33</sup> Samla sett vart det difor stor motstand i det iranske folket. Kombinasjonen av kuppet i 1953, og sjahens harde styre, la eit godt grunnlag for ein revolusjon både mot sjahan og mot patronen USA.<sup>34</sup>

## 2.2 Jimmy Carter, ein ny utanrikspolitikk

Hausten 1976 vann Carter presidentvalet med lovnader om ein ny utanrikspolitikk. USA skulle ikkje lenger vere styrt av realpolitiske prinsipp men av idealisme. Moralen måtte også gjelde i utanrikspolitikken. Innanrikspolitisk er det svært forståeleg at Carter fekk støtte til dette, presidentembetet var på mange måtar i krise etter Watergate og Vietnamkrigen. Carter freista med si idealisme å bygge opp att tilliten. Sjølv om både Panamakanal-avtalen og Camp David-avtalen kan forståast som idealistiske suksessar for Carter, er det relativt stor semje om at utanrikspolitikken hans slo feil.<sup>35</sup>

Idealismen vart eit problem når dei autoritære regima som var baserte på støtte frå USA ikkje lenger kunne kjenne seg sikre på denne. I Iran var det demonstrasjonar for demokratiske reformer og menneskerettar gjennom 1977 og 78. Carter forsikra sjahan fleire gongar om Iran si viktigheit for USA og at han støtta sjahan i hans moderate liberaliseringar. Likevel kommenterte han gjentekne gongar problema med manglande menneskerettar i Iran, og la slik både press på sjahan, og synte verda og Iran at sjahan ikkje hadde hans fulle støtte. Det er

---

<sup>32</sup> Omgrepet «East of Suez» referer til dei britiske militærbasane kring Indiahavet sjå Saki Dockrill *Britain's Retreat from East of Suez: The Choice between Europe and the World? 1945-1968* (Houndmills: Palgrave Macmillan, 2002).

<sup>33</sup> *Ulama* vert brukt som fellesomgrep for islamsk religiøs lærde.

<sup>34</sup> Olav Njølstad, *Peacekeeper and Troublemaker: The Containment Policy of Jimmy Carter, 1977-1978* (Oslo: Institutt for Forsvarstudier, 1995), 154-156; Gule *Islam og det Moderne*, 180; Pollack, *The Persian Puzzle*, 177ff; Brent E. Sasley «Politics of Governing in the Middle East,» i *The Middle East, A Guide to Politics Economics, Society and Culture* red. Barry Rubin, 79-82.

<sup>35</sup> Steven W. Hook og John Spanier *American Foreign Policy Since World War II* (Washington DC: CQ Press, 2007) 151-153; Farber, *Taken Hostage*, 11.

tydeleg at Carter-administrasjonen ikkje forstod kor stor misnøya i Iran var. Nyttårsaftan 1977 erklærte Carter, i Teheran, at «Iran, because of the great leadership of the Shah, is an island of stability in one of the more troubled areas of the world»<sup>36</sup> Sjølv etter «Black Friday» massakren, der mellom 1000 og 2000 demonstrantar vart drepne av sjahen sine soldatar, gjekk Carter ut og skrytte av sjahens evne å til styre å landet. I november fekk Carter beskjed frå ambassadøren i Teheran, om at det var på tide å førebu seg på at regimet i Iran kunne falle. Dette førte til diskusjonar i administrasjonen. Nasjonal tryggingrådgivar Zbigniew Brzezinski meinte USA burde gjere seg klar til å intervensere, medan utanriksminister Cyrus Vance og Carter var motstandarar. 8. desember erklærte Carter at han ikkje ville bruke militærmakt i Iran. 16. januar 1979 forlèt sjah Mohammed Reza Pahlavi Iran, og endar med det sitt 25 år lange styre av landet.<sup>37</sup>

### 2.3 Revolusjonen i Iran

Revolusjonen i Iran starta som ulike protestar mot regimet. I 1975 freista sjahen å konsolidere sitt styre ytterligare. Dei mest symboltunge endringane var overgangen frå det eksisterande topartisystemet til eit eittpartisystem, og den endra tidsrekninga. Sjahen gjekk frå den tradisjonelle islamske tidsrekninga til ein ny kalender basert på starten på regjeringstida til grunnleggjaren av Persarriket, Kyros den store. Dette provoserte både liberale regimemotstandarar som Mehdi Bazargan og hans Freedom Movement of Iran, og konservative islamske leiarar.<sup>38</sup>

Den fremste ideologen innanfor Freedom Movement var Ali Shari'ati. Han henta sin inspirasjon frå mange hald. Jean Paul Sartre, Che Guevara og revolusjonane i Algerie og på Cuba var dei viktigaste kjeldene, likevel var han sterk motstandar av sekularismen deira. Tankegongen til Shari'ati var slik ein unik blanding av marxisme, sjiaislam og iransk patriotisme. I dette låg det ikkje berre kritikk av regimet, men også ein kritikk av dei islamske lærde, *ulama*, som ikkje demonstrerte mot regimet.<sup>39</sup>

Ayatollah Khomeini var ein av dei lærde som demonstrerte. Heilt sidan 1963 hadde han tala mot regimet, og skulda sjahen både for å føre ein politikk som var uforlikeleg med Islam

---

<sup>36</sup> David F. Schmitz. *The United States and Right-Wing Dictatorships, 1965-1989* (New York: Cambridge University Press, 2006), 177.

<sup>37</sup> *Ibid.*, 171-181.

<sup>38</sup> William L. Cleveland og Martin Bunton, *A History of the Modern Middle East* (Philadelphia: Westview Press, 2009), 424.

<sup>39</sup> *Ibid.*, 426.



og for å selje Iran til utlendingar. Sjølv om Khomeini hadde vore landsforvist sidan 1964, først i Tyrkia, sidan i Frankrike, var han det fremste symbolet på *ulama* sin regimemotstand. Då ei regimekontrollert avis i januar 1978 kom med grove skuldingar mot Khomeini, førte dette til store demonstrasjonar i fleire iranske byar. Sjahan reagerte med å sette inn militæret, meir enn 100 demonstrantar vart drepne. Utover våren og sommaren vart det fleire liknande demonstrasjonar med liknande resultat.<sup>40</sup>

Demonstrasjonane auka i omfang hausten 1978 og kuliminerte i desember, under den sjiaislamske høgtida Muharram. Her feira dei helgenane og martyrane Ali og Hussein som døydde under tyranni, og på den måten vart grunnlaget for sjiaislam, medan dei sjølve demonstrerte mot tyranniet til sjahan og hans allierte USA. Nett som på 600-talet vart det mange martyrar. Likevel nådde demonstrantane fram. Då over to millionar demonstrerte i gatene i Teheran, vakla det militære grunnlaget til sjahan. Soldatar deserterte og byrja å demonstrere.<sup>41</sup>

I denne desperate situasjonen peika sjahan ut eit moderat medlem av Freedom Movement, Shapour Bakhtiar, til statsminister. Dette var nok alt for seint for å kome demonstrantane i møte, korkje Freedom Movement eller Khomeini aksepterte utpeikinga av Bakhtiar, og demonstrasjonane heldt fram. 16. januar 1979 reiser sjah Muhammed Reza frå Iran. 1. februar kjem Khomeini attende frå sitt eksil, og vert motteken i triumf av ei stor folkemengd i Iran.<sup>42</sup>

Då Khomeini kom til Iran, var det eit land mest utan statsapparat. Då vart det maktkamp. Statsminister Bakhtiar innsåg fort at han mangla støtte, og trakk seg frå posisjonen sin etter sterkt press frå Khomeini. Han peika ut Bazargan som ny statsminister. Sjølv om Bazargan på mange måtar støtta Khomeini var det stor usemje mellom dei om kvar makta skulle sitte. Bazargan-regjeringa måtte konstant konkurrere med Khomeini og det nyoppretta Revolusjonsrådet om makta. Regjeringa var i hovudsak samansett av moderate frå Freedom Movement, medan Revolusjonsrådet var samansett av *ulama* etter Khomeinis vilje. Vidare opererte det mange andre grupper utanfor regjeringa sin kontroll. Av desse var nok Khomeini si eiga militære revolusjonsgarde den viktigaste, men både revolusjonære religiøse dommarar, og ei rekkje opposisjonelle freista å få makt i det revolusjonære Iran. Først i 1982 får Khomeini full kontroll i Iran.<sup>43</sup>

---

<sup>40</sup> Cleveland og Bunton, *A History of the Modern Middle East*, 427-9.

<sup>41</sup> *Ibid.*, 430.

<sup>42</sup> *Ibid.*

<sup>43</sup> *Ibid.*, 430-435.

### 3. Gissel utan redningsaksjon

4. november 1979 vart 63 gissel tekne på den amerikanske ambassaden i Teheran.<sup>44</sup> Dette var ein alvorleg situasjon for USA. Likevel gjorde Carter-administrasjonen lite for å få frigjort gislane. Alle amerikanske reaksjonar fram til april 1980 var svake. Dei hadde få alvorlege konsekvensar for regimet i Iran. Det er forståeleg at det tok litt tid før det vart avgjort ein bestemt strategi. Likevel var det lang tid frå gislane vart tekne til Carter sette i gang redningsaksjonen. Administrasjonen hadde andre alternativ som vart vurderte, men såg på problema med desse som større enn problemet med å la gislane vere fanga.

Dette kapittelet tek føre seg perioden frå gislane vart tekne, 4 november 1979 fram til midten av mars 1980. Gjennom denne perioden var vurderingane i Carter-administrasjon stort sett dei same. Fram til midten av januar vart forsøkt å løyse gisselkrisa primært gjennom FN, og internasjonalt press. Medan det etter at Sovjetunionen la ned veto mot FN-sanksjonar 16.januar, vart gjort forsøk med forhandlingar, både gjennom generalsekreter i FN Kurt Waldheim og gjennom hemmelege kontaktar.<sup>45</sup> Heile perioden var Brzezinski for bruk av militær makt, medan Carter meinte at det var mest fornuftig å halde ein låg profil og ikkje presse Iran for hardt. Slik sett var den utførte politikken den same heile vegen frå november til midten mars. Omgivnadane endra vart endra, særleg med Sovjetunionen sin invasjon i Afghanistan, men dei grunnleggande vurderingane var dei same. Det vart heile tida vurdert som lite sannsynleg at forhandlingar ville føre fram, i alle fall på kort sikt. Totalt sett er det då klart at Carter nedprioriterte gislane i frykt for at militære handlingar kunne få negative konsekvensar for den geopolitiske situasjonen.

For å kunne forstå kvifor Carter valde å sette i gong redningsaksjonen 11. april 1980, er det interessant å forstå kvifor han ikkje ville gjere det tidlegare. For det første var det usannsynleg at ein kunne få til ein vellukka redningsaksjon, det var for risikabelt. Dette er sjølvst interessant med tanke på kvifor ein seinare likevel tok sjansen på å gjennomføre aksjonen. For det andre var det heile vegen håp om å få frigjort gislane på fredeleg vis. Sjølv om dette fort vart vurdert som lite truleg, var det eit håp som gjorde det lettare å halde fram

---

<sup>44</sup> Gislane var ambassadetilsette med ulike funksjonar. 3 tilsette som for tida var i det iranske utanriksdepartementet vart hold fanga der, medan 6 amerikanarar greidde å snike seg ut frå ambassaden og vart hold skjult på den canadiske ambassaden til dei vart smugla heim under den vellukka Operation Argo i slutten av januar 1980. Totalt var det 66 gissel.

<sup>45</sup> Memorandum Sick til Brzezinski 30. oktober 1980, DHMZBCGF, Iran-meetings (on,3/18/80-10/30/80), boks 12.

med politikken. For det tredje var kostnaden med å la gislane vere fanga verdt å betale, alternativa for å få dei frigjort ville truleg gå ut over viktigare interesser.

### 3.1 Ein vaklande start

4. november 1979 vart den amerikanske ambassaden i Teheran okkupert av militante studentar. 6. og 7. november diskuterte i Special Coordination Committee (SCC) moglegheitene for militære alternativ til å løyse gisselkrisa. Joint Chief of Staff skulle halde fram med planlegging av ein mogleg redningsaksjon og militære reaksjonar. Desse vart betre planlagt på møtet 8. november. Likevel vart korkje straffetiltak eller redningsaksjon freista før 24. april. For å kunne forstå kvifor Carter-administrasjonen vedtek redningsaksjonen den 11. april og gjennomfører den 24. april må ein freiste å forstå kvifor dette alternativet ikkje vart prøvd før. Hovudargumentet kjem allereie i møtereferatet frå 8. november. Her er det klart at ein redningsaksjon var eit dårleg alternativ. Sjølv med svært bra etterretning ville det være veldig sannsynleg at aksjonen vart mislukka.<sup>46</sup> Etterretning var mangelvare for Carter-administrasjonen. Sjølv om det allereie i slutten av november var klar ein operativ styrke til ein redningsaksjon, var aksjonen så kompleks, og manglane i trening og etterretning så store, at styrken ikkje var klar til å gjennomføre aksjonen før i midten av mars.<sup>47</sup>

Dei første dagane etter at gislane vart tekne var naturleg nok prega av uvisse i administrasjonen, og det tok litt tid før dei ulike alternativa for handling var klare. Trass i at det vart vurdert mange alvorlege verkemiddel, både angrep på oljeanlegg, minelegging av iranske hamnar og angrep på iranske militære kapasitetar, vart ikkje situasjonen teke ekstremt alvorleg i Det kvite hus. Det var relativt stor tru på at gislane ville verte raskt frigjevne og det er få tydelege teikn på at administrasjonen venta at krisa skulle verte langvarig. Alle forslag til løysingar var kortsiktige, gjerne med tidsperspektiv på 2-5 dagar.<sup>48</sup> Her må ein forstå situasjonen som har oppstått i lys av at det var studentar som tok gislane, og at det offisielle Iran kort tid før gisseltakinga, med både statsminister Bazargan og utanriksminister Yazdi, har garantert for tryggleiken til den amerikanske ambassaden.<sup>49</sup> Straks etter ambassadeovertakinga forsikra også Yazdi Washington om at situasjonen ville verte løyst innan 48 timar. Denne trua

---

<sup>46</sup> SCC-møte 6. november 79, «Subject: Iran» DHMZBCSF, Meetings- SCC 195,11/6/79, boks 30 JCL; SCC-møte 7. november 79, «Subject: Iran» DHMZBCSF, Meetings- SCC 196,11/7/79, boks 30 JCL; SCC-møte 8. november 79, «Subject: Iran» DHMZBCSF, Meetings-SCC 197,11/8/79 boks 30 JCL.

<sup>47</sup> «Holloway Report» 23. august 1980, henta 3. september 2014 frå <http://www2.gwu.edu/~nsarchiv/NSAEBB/NSAEBB63/doc8.pdf>.

<sup>48</sup> SCC-møte 8. november 79, «Subject: Iran» DHMZBCSF, Meetings-SCC 197,11/8/79 boks 30 JCL.

<sup>49</sup> Carter, *The White House Diary*, 367; Carter, *Keeping Faith*, 458.

på ei snarleg løysing vart redusert allereie morgonen 6. november, då det vart klart at den religiøse leiinga i Iran stilte seg bak ambassadeokkupasjonen og statsminister Bazargan sa opp i protest.<sup>50</sup>

Administrasjonen la ned eit betydeleg arbeid, og sette opp ei arbeidsgruppe i utanriksdepartementet leia av direktøren for «Iranian affairs» Henry Precht.<sup>51</sup> Redningsaksjon ser ikkje ut til å ha vore ein aktuell måte å løyse situasjonen på. Referatet frå SCC-møtet 6.november forklarar situasjonen godt, «The SCC saw no way for us to intervene military to rescue the hostages without seriously risking their lives. We would expect the Iranian military to oppose such intervention».<sup>52</sup> Det var altså ikkje berre risikabelt med ein redningsaksjon, men SCC visste ikkje korleis reaksjonen frå det iranske militæret ville vere. Det var endå ikkje gitt kva side av konflikten dei var på.

Det var uvisse i administrasjonen om korleis styret av Iran fungerte. 13. november skreiv Iran-eksperten Gary Sick til Brzezinski om dei kaotiske tilstandane i Iran. Her vart det fokusert på at det revolusjonære Iran ikkje hadde noko velfungerande styre, heile statsapparatet var bytt ut utan å ha kvalifiserte erstattarar. Sick såg det som eit reelt alternativ at heile det iranske statsapparatet kunne bryte saman. Samtidig sa han at det var svært sannsynleg at det iranske regimet kunne gjere alvorlege feil og handle irrasjonelt. Sick konkluderte med at det var lite ein kunne gjere med dette, utanom å vere klar over at ein hadde ein motstandar som mangla evna til å gjere fornuftige vurderingar.<sup>53</sup>

Dersom administrasjonen aksepterte at styresmaktene i Iran ikkje kunne ta gode vurderingar, og at dei ville handle irrasjonelt, er det merkeleg at dei baserte sin politikk for å frigje gislane nettopp på iranske styresmakter sin rasjonalitet. Det var akkurat det Carter-administrasjonen gjorde. 14. november fraus Carter alle iranske aktiva i USA. Dette var både eit svar på at Iran gjorde det tilsvarande og ein måte å sikre alle amerikanske krav til Iran.<sup>54</sup> Ein kan og forstå dette som eit diplomatisk svar til Iran, som synte alvorret i situasjonen. Altså å freiste å tale regimet i Iran til fornuft. Likeeins var det forsøk på å få Khomeini til å bruke fornuft som vart prioritert etter 17. november, då det vart klart at Khomeini hadde tenkt å få

---

<sup>50</sup> Sick, *All Fall Down*, 196; 209.

<sup>51</sup> Carter, *Keeping Faith*, 458.

<sup>52</sup> SCC-møte 6.november 79, «Subject: Iran» DHMZBCSF, Meetings- SCC 195,11/6/79, boks 30 JCL.

<sup>53</sup> Memorandum Sick til Brzezinski «Iran Breakdown?» 13.november 79, DHMZBCSF, Meetings- SCC 200,11/13/79, boks 30 JCL.

<sup>54</sup> Draft, ukjend forfattar, 14.november 79, DHMZBCSF, Meetings- SCC 200,11/13/79, boks 30 JCL.

gislane stilt for retten, trass i at det vart sett på som eit sannsynleg resultat av ein rettssak at fleire av gislane ville verte dømde og avretta.<sup>55</sup>

20. november heldt Khomeini ei TV-tale til det iranske folket. Her fokuserte han på Carter sitt nederlag i Iran. Først leid han eit stort nederlag med revolusjonen, deretter eit større med okkuperinga av ambassaden, før han fortsette, «Carter's scandal will come to surface when the spies are tried».<sup>56</sup> Deretter poengterte Khomeini at han ikkje hadde noko å frykte, «Carter neither has the guts to engage in a military operation nor anyone who would listen to him».<sup>57</sup> Her brukte Khomeini kraftig retorikk mot USA, og talte på ein måte som absolutt la meir prestisje i situasjonen og heilt klart var fornærmande for både Carter og USA.

Sjølv om Carter hadde vorte offentleg fornærma reagerte han i det stille. 23.november instruerte han Vance til å informere Khomeini om at å stille gislane for retten ville få alvorlege konsekvensar for iransk handel. Om nokon av gislane døydde eller vart skada, ville det føre til hemnåtak mot Iran. Khomeini kom ikkje med liknande trugslar igjen.<sup>58</sup> Her viste Carter at han ikkje nødvendigvis brukte krisa til politisk vinning. Han kunne ha kome med trugslane offentleg, og slik synt seg som ein sterk leiar, men valde heller å presse Khomeini i det stille. Dette gav krisa mindre merksemd, og var slik sett med på å gjere gislane mindre viktige for Khomeini, i tråd med Vance si tilnærming til problema. Samtidig synte Khomeini at det var råd å presse han, han var ikkje upåverkeleg. Dette gav håp for vidare forhandlingar.

4. desember annonserte Carter at han ikkje kunne drive valkamp før gisselkrisa vart løyst. Han sa han var uroa for gislane og måtte bruke all si tid på den alvorlege situasjonen. Sjølv om Carter to veker tidlegare ikkje brukte sjansen til å vinne oppslutting med trugslane mot Khomeini, nytta han no sjansen i valkampen. Gjennom desse utsegna ville han vise at han var ein svært ansvarsfull president, og fekk samtidig ein god grunn til å nedprioritere primærvalkampen. Dette var kanskje ein risikabel manøver, men Carter gjekk frå å ha 32% støtte for utanrikspolitikken før gislane vart tekne, til 61% støtte på gallupmålingane i desember. Det er likevel langt frå sikkert at Carter var så uroa for gislane. Rett nok vart det lagt

---

<sup>55</sup> Contingency paper, ukjend forfattar 20. november 79, NSA Country files, Iran:11/17-20/79 boks 30 JCL; Carter, *Keeping Faith*, 465; Foreign Affairs and Congressional Research Service Library of Congress, *The Iran Hostage Crisis: a Chronology of Daily Developments* (Washington: U.S. Government Printing Office, 1981), 39.

<sup>56</sup> FBIS 74 «Khomeini Speech» 21.november 79, NSA Country file, Iran 11/21-27/79 JCL.

<sup>57</sup> Ibid.

<sup>58</sup> Carter, *The White House Diary*, 372.

ned betydeleg med arbeid, også mykje av Carter si tid gjekk med til gisselspørsmål, men det ser ut som han var meir uroa for situasjonen i Iran og Sørvest-Asia generelt enn for gislane.<sup>59</sup>

### 3.2 «The U.S. Stake in Iran»

Richard Lehman<sup>60</sup> såg i slutten av november på USA sine interesser i Iran i eit breiare perspektiv enn gisselkrisa. Han lista opp fire interesser som er kritiske for USA, dei to første var av vital karakter. For det første måtte ein hindre spreining av turbulensen frå Iran slik at det ut over oljeeksporten frå den vestelege delen av Persiabukta. For det andre måtte ein hindre eksport av iransk olje til Sovjet og at Iran kom inn under sovjetisk kontroll. Vidare var det kritisk å unngå alvorlege konfrontasjonar med Sovjet, og å sørge for at iransk olje framleis vart eksportert til Vesten.<sup>61</sup> Det er altså rom for å sette gisselkrisa inn i ein større kontekst. Når interessene i Iran vart rekna som vitale, og som viktigare enn å unngå alvorlege konfrontasjonar med Sovjet, set dette gisselkrisa i perspektiv. Trass i at gisselkrisa var sentral for USA det siste året i Carter sitt presidentskap, var den ikkje vital for USA. Ein må difor ta med kalkuleringar av dei vitale interessene for å forstå handlingane knytt til mindre viktige interesser, som gisselkrisa strengt tatt var.

Sjølv om det er langt frå National Intelligence Council til presidentens utførde politikk, er det god grunn til å tru at vurderingane til Carter liknar på dei til Lehman. Etter revolusjonen i Iran vart det gjort endringar i amerikanske strategiske prioriteringar. Olav Njølstad har argumentert godt for at Carter-administrasjonen prioriterer tryggleiken i Sørvest-Asia generelt, og dei oljeproduserande områda rundt Persiabukta spesielt. Sjølv om Njølstad ikkje eksplisitt rangerer amerikanske mål, trekk han fram både å verne oljeeksporten, som var viktig for amerikansk og særleg viktig for vest-europeisk økonomi, og å hindre at Sovjet fekk auka

---

<sup>59</sup> T. Michael Ruddy, *Jimmy Carter: Politician with Principles* (New York: Nova Science Publishers, Inc 2011), 118. Dette funnet stemmer godt overeins med Olav Njølstad som meiner at Carter etter revolusjonen i Iran var «obsessed with the vulnerability of Western interest in the Persian Gulf region.» Sjå Njølstad, «The Carter Legacy: Entering the Second Era of the Cold War,» 203.

<sup>60</sup> Richard Lehman var formann i National Intelligence Council (NIC) frå 1979-81. NIC er ein del av US Intelligence Community og har ansvaret mellom- og langsiktige strategiske vurderingar. Sjå «National Intelligence Council» <http://www.dni.gov/index.php/about/organization/national-intelligence-council-who-we-are>.

<sup>61</sup> Richard Lehmann «The U.S. Stake in Iran», utan dato, NSA Country Files, Iran: 11/21-27/79 boks 30 JCL; Liknande vurderingar vert gjort av Harold Brown i *Thinking about National Security: Defence and Foreign Policy in a Dangerous World* (Boulder: Westview Press, 1983), 141-59.

innflytelse i området som sentrale mål. Vidare viser Njølstad til ei rekkje endringar i prioriteringane av militære ressursar frå Aust-Asia og Vest-Europa til Sørvest-Asia.<sup>62</sup>

Når det mest sentrale målet for USA var å hindre at turbulensen i Iran vart spreidd til områda vest for Persiabukta, er det ikkje rart at Carter valde å vente med å ta i bruk alvorlege verkemiddel. 21. november vart den amerikanske ambassaden i Islamabad angrepen, dagen etter at Al-Haram-moskeen<sup>63</sup> i Mekka vart okkupert av militante muslimar.<sup>64</sup> Dette må ha vore med på å prege avgjerslene til Carter. Han hadde fått eit dilemma; dersom han gjorde nokon alvorlege grep for å få frigjort gislane, anten det var økonomiske eller militære, kunne han rekne med at det ville vere provoserande i den muslimske verda. Då kunne han vente spreining av uroa i Iran til andre land i regionen, også landa vest for Persiabukta. På den andre sida var situasjonen med gislane i Iran ugunstig.

Carter hadde også utfordringar når det galdt å halde Iran utanfor sovjetisk interesserefære. Dersom han la sterkt press på Iran, såg han det unekteleg som ei fare for å drive Iran nærare Sovjet, anten militært eller økonomisk. Då sat han att med ein situasjon der det mest fornuftige var å halde ein låg profil, og slik korkje skape ustabilitet i regionen eller presse Khomeini-regimet i retning Sovjet. Trass i at dette gjekk ut over gislane.

Likevel er det grunn til å spørje om dette var ein rimeleg politikk? Khomeinis Iran var ustabil, og uroa i regionen kunne knytast opp til Iran. Brzezinski såg på området etter revolusjonen som ein «Arc of destabilization».<sup>65</sup> Han meinte at eit tydeleg signal frå USA var nett det som skulle til for å stabilisere regionen. Militære verkemiddel for å løyse gisselkrisa kunne vere ein måte for Carter å syne maktprojeksjon i området. Vidare må ein spørje om faren for å presse Iran mot Sovjetunionen var reell? Sjølv om Khomeini var kraftig i sin retorikk mot USA og kalla landet «the Great Satan» var han om lag like krass mot Sovjet. Gjentekne gongar gjekk Khomeini ut og sa at det var lite forskjell på USA og Sovjet. Det er altså vanskeleg å tenkje seg eit nært samarbeid mellom Khomeini og Moskva.<sup>66</sup>

Slik sett kunne ein redningsaksjon lik den som vart forsøkt i april 1980 vore til stor nytte. Det ville kanskje ikkje normaliset forholdet til Khomeini, men kunne vore med på å stabilisere regionen. USA ville, med ein vellukka aksjon, definitivt ha synt maktprojeksjon i

---

<sup>62</sup> Njølstad «Shifting Priorities: The Persian Gulf in US Strategic Planning in the Carter Years,» 21-55

<sup>63</sup> Også kjend som Haram Sjarif og the Grand Mosque.

<sup>64</sup> Foreign Affairs and Congressional Research Service Library of Congress, *The Iran Hostage Crisis*, 41.

<sup>65</sup> Njølstad «Shifting Priorities: The Persian Gulf in US Strategic Planning in the Carter Years,» 32.

<sup>66</sup> Khomeini 10.mars 1980 FBIS 31, NSA Country Files, Iran:3/80, boks 31 JC; Baqer Moin, *Khomeini: Life of the Ayatollah* (London: I.B. Tauris, 2009),125.

området. Det er rimeleg å gå ut ifrå at ein aksjon med låge tapstal på bae sider kunne fått aksept hjå moderate iranarar og i den muslimske verda generelt, og på den måten på relativt kort sikt dempa konflikten med Iran og kanskje slik dempa retorikken frå Khomeini og oppstyret i regionen generelt.<sup>67</sup>

Likevel var det vanskeleg for Carter å vite kva politikk som skulle førast. Lehman problematiserte kva som kunne verte konsekvensane av ulike framtidige regimer i Iran. Ingen av dei var både sannsynlege, og gunstige for USA. Derimot var det nokre som var verre enn andre. Eit svakt Khomeini-regime ville kunne føre til borgarkrig og eventuell sovjetisk invasjon for å opprette orden. Sjølv om også eit sterkt Khomeini-regime ville vere ugunstig for USA, ville det vere mindre problematisk. Det ville vere lettare for USA å kjempe mot eksporten av radikal islam frå Iran enn å takle ein borgarkrig i Iran.<sup>68</sup> Då er Carter sin politikk likevel forståeleg. Dersom løysinga av gisselkrisa gjennom militær maktbruk kunne føre til Khomeini-regimets fall og borgarkrig i Iran, var det eit enklare alternativ å la gislane vere fanga og halde seg til håpet om å finne ei diplomatisk løysing.

Problema med at det var vanskeleg å vite kva som var ein fornuftig politikk i gisselkrisa er tydelege. Etter SCC-møtet 27. november klaga Brzezinski på at det var vanskeleg å samle rådet om å diskutere kva som ville skje om dagens metode slår feil. Kva skulle ein gjere om ein ikkje fekk til ein resolusjon i tryggingrådet i FN? «There simply was no predisposition to answer these questions. As a result we are locking ourselves into a litigational approach, which is fine if our strategy is to transform the crisis into a prolonged malaise»<sup>69</sup> Dette var ikkje Brzezinski sikker på at administrasjonen ønskte, dette måtte diskuterast. Då var det tre spørsmål å ta omsyn til. Korleis få ut gislane, korleis verte kvitt Khomeini og korleis kome overeins med den muslimske verda? Her har Brzezinski teke innover seg dei vurderingane Lehman i NIC har kome med. Vidare var Brzezinski kritisk til å la problema trekke ut i tid. For det første venta han at den internasjonale støtta ville minske i takt med at tida gjekk. Det same ville den nasjonale støtta. Brzezinski var også redd for at sjansane for attval ville minske om krisa drog ut i tid, også om ein fekk gislane heim. Likeeins var det eit problem med tanke på andre muslimske land dersom ein let denne situasjonen trekkje ut, USA synte at det kunne verte trakka på. Likevel var Brzezinski klar på at ei rask og fredeleg løysning var det beste, men om ein

---

<sup>67</sup> Sjølv om det er usikkert i kor stor grad desse vurderingane av eventuelle iranske reaksjonar, er det klart at dei vart argumentert for i administrasjonen. NLC-133-218-4-2-6.

<sup>68</sup> Richard Lehmann «The U.S. Stake in Iran», utan dato, NSA Country Files, Iran: 11/21-27/79 boks 30.

<sup>69</sup> Memorandum Brzezinski til Carter «Iran: What Next?» 27 november 79, DHMZBCSF, Meetings- SCC 211, 11/27/79 boks 31 JCL.



ikkje fekk det til fort, helst innan ei veke, måtte ein vurdere meir risikable alternativ. Då var det berre eitt alternativ som var aktuelt for Brzezinski, det var ikkje ein redningsaksjon, men minelegging av iranske hamner. Han meinte dette kunne frigjere gislane, men først og fremst ville det skape respekt for USA internasjonalt, særleg i den muslimske verda, og kanskje kunne det føre til at Khomeini-regimet fall. Paradoksalt nok trudde Brzezinski at eit slikt militært press også var det som lettast kunne føre til løysing med fredelege middel.<sup>70</sup>

Likevel valde Carter å halde fram med eit symbolsk press mot Iran, med å tvinge den iranske ambassaden og konsulata til å redusere bemanninga og med å halde fram med å freiste å få gisselkrisa løyst gjennom FN. Dette gjorde han trass i både Brzezinski sine åtvaringar og at National Foreign Assessment Center<sup>71</sup> åtvara om at det var usannsynleg at Khomeini vil frigje gislane, og ikkje usannsynleg at nokre av dei kunne få dødsdom. I denne rapporten frå NAFC låg nok noko av grunnen til at Carter heldt fram med ei roleg linje. Sjølv om det ikkje var usannsynleg med dødsdom, ville det ikkje tene Khomeini å avrette gislane. For han var det derimot produktivt å oppretthalde situasjonen med gislane, på den måten kunne han oppretthalde den entusiastiske støtta i Iran. Særleg fram mot grunnlovsvalet i starten av desember var det viktig.<sup>72</sup>

Carter hadde altså vanskelege avgjersler å ta, og uansett kva han valde, ville det kunne få alvorlege negative konsekvensar. Det at Carter då heldt fram med det svake presset har vorte tolka som eit teikn på at han har hatt vanskar med å ta alvorlege avgjersler. Dette er på mange måtar rimeleg når ein ser på gisselkrisa i ettertid. Det som då ikkje vert teke med i diskusjonen, er at å halde fram med eit svakt press også var ei alvorleg avgjersle, og at det unektelig kan forsvarast ut i frå dei to etterretningsdokumenta frå Lehman og NFAC. Det var nyttig for Carter å stabilisere regimet, trass i at det var eit regime ein ikkje kunne gjere business med. NFAC sa at det kunne tenkjast at nokre få av gislane fekk dødsdom, og det er lite truleg at dei ville verte avretta, og dagens situasjon verkar stabiliserande på regimet. Samtidig hevda Lehman at det viktigaste var å unngå at turbulensen i Iran spreidde seg vestover. Då var prisen med å la gislane vere fanga verdt å betale. Når det nest viktigaste i Iran var å unngå at Iran kom under den sovjetiske interessesfæren, kunne det vere fornuftig å ikkje presse regimet for hardt, slik at ein

---

<sup>70</sup> Memorandum Brzezinski til Carter «Iran: What Next?» 27 november 79, DHMZBCSF, Meetings- SCC 211, 11/27/79 boks 31 JCL.

<sup>71</sup> National Foreign Assessment Center(NFAC), i dag Director of Intelligence (DI), er ein del av CIA som driv med analyserer for å hjelpe Presidenten og andre som tar avgjersler knytt til nasjonal tryggleik. Sjå «Offices of CIA, history» <https://www.cia.gov/offices-of-cia/intelligence-analysis/history.html>.

<sup>72</sup> Ukjend forfattar «Iran: Prospects for the Hostages Under Khomeini's Law» utan dato, NSA Country Files, Iran 11/28/79-12/4/79 boks 30 JCL.

tvang fram eit samarbeid med Moskva. Det kjem ikkje fram i klartekst at det er desse vurderingane Carter gjer, men det er ei plausibel tolking. Då er det i så fall urimeleg å kritisere Carter for å ikkje ta vanskeleg val. Her skal det nemnast at Carter hadde svært sterk støtte frå kongressen for handteringa av gisselkrisa gjennom heile november og desember.<sup>73</sup> Dette må ha gjort det enklare for han å halde fram med den politikken han førte uavhengig av kva slags vurderingar som låg til grunn.

### 3. 3 Sovjetunionen endra den geopolitiske situasjonen

Julaftan 1979 invaderte Sovjetunionen Afghanistan. Dette var sjølvsagt ei dramatisk endring av den tryggingpolitiske situasjonen i Midtausten generelt, og naturleg nok i Iran spesielt, i og med at Iran grensar til både Sovjetunionen og Afghanistan. Konsekvensane for Carters gisselpolitikk er slående. Med Carter-doktrinen 23. januar nedprioriter administrasjonen gislane til fordel for den geopolitiske situasjonen.

Det er naturleg å vente at invasjonen i Afghanistan har påverka Carter-administrasjonen på to måtar. For det første vart det meir ønskjeleg med ei fredeleg løysing gjennom forhandlingar, for det andre var det rimeleg å tru at USA kunne presse Iran hardare utan at dei ser til Sovjet når Sovjet nett hadde angripe eit muslimsk naboland. Ein kunne vente at frykta den sovjetiske invasjonen skapte i Iran, også må ha gjort det iranske styret meir interessert i ei fredeleg løysing.<sup>74</sup>

23. januar 1980 annonserte Carter:

An attempt by any outside force to gain control of the Persian Gulf region will be regarded as an assault on the vital interest of the United States of America, and such an assault will be repelled by any means necessary, including military force.<sup>75</sup>

I praksis sa då Carter, at Khomeini ikkje hadde noko å frykte, USA ville forsvare Iran uavhengig av gisselkrisa. Carter utnytta altså ikkje sjansen til å presse Iran hardare.

---

<sup>73</sup> Memorandum Madeleine Albright til Brzezinski 30 november 79, NSA, NSC Weekly Legislative Reports 9-12/79 boks 2 JCL; Memorandum Madeleine Albright til Brzezinski 22 desember 79, NSA, NSC Weekly Legislative Reports 9-12/79 boks 2 JCL.

<sup>74</sup> Liknande vurderingar er gjort fleire stadar i litteraturen, sjå Sick, *All Fall Down*, 282; Smith *Morality, Reason and Power*, 202.

<sup>75</sup> Dette har seinare vorte kjent som Carter-doktrinen. Draft u.d. DHMZBCGF, Southwestasia/Persian Gulf (3/80) boks 15 JCL; For full tekst sjå Jimmy Carter: «The State of the Union Address Delivered Before a Joint Session of the Congress» January 23, 1980. på nett av Gerhard Peters og John T. Woolley, *The American Presidency Project*. <http://www.presidency.ucsb.edu/ws/?pid=33079>

Arbeidet som vart gjort for å få frigjort gislane i perioden rett etter invasjonen i Afghanistan, var i stor grad det same som like før invasjonen. I all hovudsak seier det ein kan finne i kjeldematerialet frå januar, februar og byrjinga av mars 1980, at det vart fokusert mest på å få gislane frigjort gjennom forhandlingar og sanksjonar.<sup>76</sup> Dette til tross for at det vert vurdert som lite truleg at sanksjonar kan føre til ei tidleg frigjering av gislane.<sup>77</sup> Gary Sick meinte at trass i at den kursen ein førte neppe kunne føre til at gislane vart frigjort på kort sikt, skulle ein ikkje undervurdere effekten av den. Problema sanksjonane ville skape for iranske individ og selskap, trusselen om mangel på nødvendigevarer, stagnering av økonomien og den vedvarande faren for amerikansk militær intervensjon, ville til slutt føre til eit sterkt indre press mot Khomeini. Slik sett kan Carter løyse problemet med gislane og problemet med Khomeini med det same presset. Det var difor viktig å halde fram med dette stødige presset trass i at det var frustrerande at det ikkje ga hurtige resultat. Når Gary Sick, som den fremste Iran-eksperten i NSC-staben gjer slike vurderingar, og denne politikken vert følgd, er det nærliggande å tru at det var ein samanheng mellom hans vurderingar og den utførte politikken.<sup>78</sup>

Det var også relativt gode grunnar for å ha tru på forhandlingane. For det første hadde Khomeini tidlegare vist at han tek omsyn til amerikanske trugslar. For det andre hadde fortsatt Kurt Waldheim tru på ei løysing gjennom FN. For det tredje var det håp om at forhandlingsklimaet kunne verte betre etter presidentvalet. Etter det vart klart at Bani-Sadr vann presidentvalet 27. januar, vart denne trua forsterka.<sup>79</sup>

Likevel var det langt i frå konsensus i administrasjonen for at dette var ein fornuftig politikk. I dokumentet «The Hostage Situation» av ein ukjend forfattar, men i arkivet til National Security Advisor, vart det hevda at det var lite sannsynleg at dagens økonomiske press kunne føre noko godt med seg. Det kunne derimot vere negativt. Her kjem det ikkje fram i klartekst korleis dette kunne vere negativt, men det er rimeleg å forstå det ut i frå at Khomeini var lite villig til å gi etter for vestleg press. Det kunne skade hans posisjon som leiar, samtidig verka ein ytre fiende samlande. Då var det langt meir sannsynleg at USA kunne få Khomeini til å ville frigje gislane dersom han frykta for eksistensen til den islamske republikken, anten

---

<sup>76</sup> Briefing Memorandum, Newsom og Saunders til Vance 8.januar 1980 NLC-128-8-12-10-7; Memorandum Denis Clift til Walter Mondale 31.januar 1980 DHM Papers of Walter Mondale, Foreign Policy Breakfasts. 1/80-6/80] boks 1 JCL.

<sup>77</sup> Draft, *The Hostage Situation*, ukjend forfattar 9 januar 1980 NSA Country files, Iran (2)1/1-10/80 boks 30 JCL.

<sup>78</sup> Memorandum, Gary Sick til Brzezinski 1.januar 1980 NLC-33-17-4-3-0.

<sup>79</sup> Memorandum Washburn til Precht 27.januar NLC-128-8-12-24-2; Foreign affairs and congressional research service library of congress, *The Iran Hostage Crisis*, 93.

dette var gjennom frykt for amerikansk invasjon, etnisk opprør i Iran eller Irakisk invasjon i Khuzestan<sup>80</sup>. Slik såg også dette dokumentet utfordringar med situasjonen, og det vart sagt «A shotgun approach may be the only solution». Forklaringa på kva som meintest her er halde hemmeleg, men det er rimeleg å tolke dette som eit bilete på eit militært inngrep.<sup>81</sup>

Stoda i administrasjonen var slik sett lik i januar, februar og byrjinga av mars, som den var allereie i november. Brzezinski var framleis for militær maktbruk, medan Carter og Vance meinte at det var best å halde fram med fredelege middel. Dersom ein forstår «a shotgun approach» som ein militæraksjon, og tenkjer at den ukjende forfattaren av dokumentet «The Hostage Situation» var Zbigniew Brzezinski, er dette tydeleg. Ut i frå plasseringa og innhaldet er det sannsynleg at det var Brzezinski, eller i alle fall ein som delte synet hans, som skreiv «The Hostage Situation». Trass i at invasjonen i Afghanistan hadde endra konsekvensane av eventuelle feilgrep dramatisk, var måla og midlane framleis dei same. Anten ein vurderte det som best å bruke diplomatiske, økonomiske eller militære middel. Likeeins er det rimeleg å tru at det vart gjort dei same vurderingane når det gjeld ein redningsaksjon. Då var i så fall ein redningsaksjon eit alternativ som framleis ville kunne løyst mange problem.

Problemet med å kunne drive Iran inn i eit samarbeid med Moskva vart enda mindre aktuelt 1.februar, då det vart klart at Sovjet var klare til å invadere det nordlige Iran under bestemte, men hemmelegghaldne, føresetnader.<sup>82</sup> Dersom dette var kjend for Khomeini, er det vanskeleg å tenkje seg at han ønskte samarbeid med Sovjet. Vidare er et også diskutabelt om Moskva ønskte å ekspandere sørover. Christian Emery har argumentert godt for at Sovjetunionen ikkje hadde planar for dette.<sup>83</sup> Dersom ein i tillegg tar med at det 8. januar vart klart at EF ikkje ville vere med på økonomiske sanksjonar, var det gode argument for at ein redningsaksjon burde vere aktuell.<sup>84</sup> Då det likevel ikkje vart freista ein redningsaksjon, er det etter alt å døme på grunn av dei same vurderingane som tidlegare. Det var for sannsynleg at den ville verte mislukka. Dette høver i så fall godt med det Carter sa 20. januar «because I have felt

---

<sup>80</sup> Khuzestan er ein arabiskdominert region vest Iran. Det er eit interessant poeng at Irak invaderte Khuzestan i september 1980, 4 månader før gislane vart frigjort. Dette vart starten på den åtte år lange krigen mellom Iran og Irak. Som ein ser i kapittel fem er samanhangen mellom gisselkrise, Carter-administrasjonen og krigen mellom Iran og Irak ikkje kjend, men svært mistenkeleg, her er det rom for meir forskning.

<sup>81</sup> Draft, *The Hostage Situation*, ukjend forfattar 9 januar 1980 NSA Country files, Iran (2)1/1-10/80 boks 30 JCL.

<sup>82</sup> Memorandum, The Situation Room til David Aaron, 1. februar 80, NSA President Daily Report Files, 2/1/80-2/10/80 boks 14 JCL.

<sup>83</sup> Emery, *US Foreign Policy and the Iranian Revolution*, 191.

<sup>84</sup> Briefing Memorandum, Newsom og Saunders til Vance 8.januar 1980 NLC-128-8-12-10-7.

from the very beginning that the initiation of a military action or the causing of bloodshed would undoubtedly result in the death of the hostages».<sup>85</sup>

---

<sup>85</sup> Draft 20.januar 1980 Congressional Liaison Evelyn Small Correspondence, Iran [1] boks 339 JCL.

## 4. Operation Eagle Claw

Torsdag 24. april 1980 letta åtte RH-53 D Sea Stallion helikopter frå hangarskipet *USS Nimitz* i Persiabukta. Samtidig starta seks Hercules-fly, med til saman 97 spesialsoldatar om bord, frå ein base i Oman. Målet var eit aude område i den iranske ørkenen, med kodenamn Desert One. Der skulle helikoptera fylle bensin, verte lasta med spesialsoldatar og fly til ein gøymestad i fjellet nokre mil søraust for Teheran. Her skulle dei kvile i dagslyset, før dei neste natt skulle køyre inn til ambassaden, med bilar som iranske agentar hadde skaffa. Etter å ha frigjort gislane skulle dei verte plukka opp av minimum seks helikopter, anten på ambassaden eller på eit stadion i nærleiken. Helikoptera skulle så flyge til ein nedlagt flyplass, der det skulle vente nye transportfly som under dekning av jagarfly skulle frakte gislane og soldatane ut av Iran.<sup>86</sup>

Slik gjekk det ikkje. På veg frå *Nimitz* til Desert One møtte helikoptra ein sandstorm. Eit helikopter fekk tekniske problem og måtte naudlande. På grunn av frykta for å verte oppdaga kunne ikkje dette meldast på radio, men heldigvis sår ein annan pilot naudlandinga og tok med mannskapet vidare. Piloten i eit tredje helikopter fekk ikkje med seg naudlandinga, og valde difor å returnere til *Nimitz* då han oppdaga eit mindre teknisk problem. Difor nådde berre seks helikopter Desert One. Då det der vert oppdaga ein feil på ei hydraulikkpumpe på det eine helikopteret var det berre fem att, altså eitt for lite. Då valde Carter, etter oppmoding frå fungerande befal Colonel Charlie Beckwith, å avbryte redningsaksjonen. Under tilbaketrekkinga, vart det virvla opp mykje sand og støv. Då det første helikopteret tok av, mista piloten sikta, og flaug rett i eit Hercules-fly som vart gjort klar til avgang. Åtte av mannskapet døydde i eksplosjonen. Av frykt for å verte oppdaga, vart både dei avdøde og helikoptera med verdifulle hemmelege dokument liggande att på Desert One. Operation Eagle Claw vart ein fullstendig fiasko.<sup>87</sup>

I dette kapitlet tek eg føre meg avgjersla om å sette i gong redningsaksjonen. Formelt var den teken på møtet i National Security Council 11. april 1980. Det vart her avgjort å setje i gong redningsforsøket den 24. april. I møtereferatet er det to typar argument som går att. For det første seier Carter at den nasjonale æra står på spel, dette er den utløysande årsaken til at redningsaksjonen vert sett i gong. Det andre argumentet er at dei diplomatiske forhandlingane har stranda. Dette er også noko som har vorte meir relevant dei siste dagane fram mot 11.april.

---

<sup>86</sup> Thornton, *The Carter Years*, 499-500.

<sup>87</sup> Glad *An Outsider in the White House*, 266; Colonel Charlie A. Beckwith *Delta Force: The Army's Elite Counterterrorist Unit* (New York: Avon Books, 2000[1983]), 295-310; Ryan, *The Iranian Rescue Mission*, 63-94; Forrest L. Marrison «Air Force Combat Controllers at Desert One,» *Air Power History* 56, no. 1 (2009): 48-55; «Holloway Report» 23. august 1980, henta 3. september 2014 frå <http://www2.gwu.edu/~nsarchiv/NSAEBB/NSAEBB63/doc8.pdf>.

Slik sett ser det ut som om disse var dei viktigaste årsakene til aksjonen. Vidare drøftar eg kor vidt det er rom for å forstå igangsettinga av gisselaksjonen ut frå eit valkampperspektiv eller om ein kan forstå den ut i frå eit humanitært perspektiv. Valkampen er den viktigaste årsaken til aksjonen. Til slutt syner eg at det er plausibelt at gisselaksjonen var planlagt for å måtte avbrytast. Helikopterkrasjet var sjølv sagt aldri noko Carter ønskte, men ein avbroten aksjon ville både synt at han hadde vilje til å bruke makt, og ikkje minst at alle middel var prøvde, då kunne Carter starte med valkampen.

#### 4.1 På veg mot ein redningsaksjon?

I andre halvdel av mars var det ei haldningsendring i Carter-administrasjonen. Det vart fleire møter om Iran der Carter var med, og frustrasjonen over situasjonen vert tydelegare i kjeldematerialet. Det vart på ny diskutert ein redningsaksjon, og det vart på ny diskutert militære verkemiddel. Paul B. Ryan hevdar at «Although he may not have acknowledged it to himself or others at the time, Carter had taken a major step toward his final decision».<sup>88</sup> Sjølv om Ryan ikkje har noka kjelde som bygger opp under denne påstanden, er det klart at han har eit poeng.

Det er to moglege grunnar til at haldningane endra seg. Det kan ha vore fordi forhandlingane gjekk dårlegare og trua på å få frigjort gislane vart mindre, eller det kan ha vore fordi incentiva til å få frigjort gislane vart større. 18. mars foreslo SCC å slutte å forhandle gjennom FN, og Carter var samd i at det var lite å tene på desse forhandlingane.<sup>89</sup> Dette til trass for at generalsekreter Kurt Waldheim framleis hadde tru på forhandlingane og var i kontakt med president Bani-Sadr.<sup>90</sup> Når Carter valde å nedprioritere desse forhandlingane må det forståast som at han hadde fått mindre tru på at dei kunne lukkast. Likevel slutta ikkje Carter med forhandlingar generelt. Det vart i slutten av mars arbeidd både med å få til ei overføring av gislane frå ambassadeokkupantane til den iranske regjeringa, og med etablering av vernande makter som kunne fungere som tredjepart ved ei endeleg overføring til USA.<sup>91</sup> Både utanriksminister Ghotbzadeh og president Bani-Sadr uttrykte seg positivt til å få til overføring

---

<sup>88</sup> Ryan *The Iranian Rescue Mission*, 48.

<sup>89</sup> Møtereferat Special Coordination Committee Meeting 18.mars 1980, NLC-33-14-32-1-4.

<sup>90</sup> Briefing Memorandum, Saunders til Vance, Christopher og Newsom, 18.mars 1980, NLC-128-8-14-11-4.

<sup>91</sup> Briefing Memorandum, Saunders til Vance, Christopher og Newsom, 22.mars 1980, NLC-128-8-14-15-0.

og dermed få løyst krisa.<sup>92</sup> Det var altså framleis gode grunnar til å forstå det slik at ein kunne få løyst krisa gjennom forhandlingar.

Difor er det mest truleg at haldningsendringa kom på grunn av at det hadde vorte sterkare incentiv til å få frigjort gislane. Dette kan forklarast ut i frå at Carter hadde vorte meir uroa over situasjonen til gislane. Eit godt argument for dette kan vere at det 21. februar kom ein rapport som sa at eitt av gislane mangla og at ingen hadde sett han sidan november.<sup>93</sup> Dette er likevel neppe eit avgjerande argument. Det kom fleire gongar motstridande meldingar om gislane, rapporteringa frå ambassadeområdet var usikker. Langt meir sannsynleg er det at Carter har vorte påverka av at det nærma seg val, og at oppsluttinga minka. Særleg bekymra vart nok Carter over at han no i tillegg fekk mindre støtte i kongressen.<sup>94</sup> Det er også tydeleg at oppsluttinga vart meir og meir eit tema i administrasjonen mot slutten av mars 1980.

23. mars godkjente Carter «The Otter Mission», ein etterretningsoperasjon for å finne eit område til etterfylling av bensin for helikoptera. 2. april vart denne utført relativt vellukka, og området kjend som «Desert One» vart vald. Sjølv om det gjekk ein offentleg veg nær landingsstripa, såg dei militære planleggarane på området som tenleg. I tillegg rekna kommandørane for spesialstyrken, som hadde trena sidan november, styrken som klar for ein redningsaksjon med sju dagars responstid frå 28. mars. Då har Carter fått eit nytt handlingsrom i handteringa av krisa.<sup>95</sup>

## 4.2 Nasjonal ære

Møtet i NSC 11.april opna med at Carter sa at «The likelihood of hostage release is remote. We need to review our options. Diplomatic moves not likely to be productive. We need to decide our actions and set a timetable».<sup>96</sup> Dette vart også gjort på møtet. Her var hovudargumentet til Carter at ein redningsaksjon var det mest ærefulle. «We may have damaged our country by not acting sooner. (Impressed by Sadat's views.) We have to go now on a stronger course of action.

---

<sup>92</sup> Briefing Memorandum, Saunders til Vance og Christopher 28 .mars 1980, NLC-128-8-14-18-7.

<sup>93</sup> Meomrandum, Denis Clift til Walter Mondale 21.2.1980, DHM papers of Walter Mondale, Foreign Policy Breakfast [1/80-6/80] boks 1 JCL

<sup>94</sup> Mondale, *The Good Fight*, 252.

<sup>95</sup> Memorandum Brzezinski til Carter 23.mars 1980, DHMZBCGF, Iran-Meetings (on,3/18/80-10/30/80); «Holloway report» 23. august 1980, henta 3. september 2014 frå <http://www2.gwu.edu/~nsarchiv/NSAEBB/NSAEBB63/doc8.pdf>.

<sup>96</sup> Memorandum of conversation, National Security Council Meeting, 11.april 80, Plains file, Iran 4/80 boks 23



Our national honor is at stake. We have to go with the rescue».<sup>97</sup> Det at Carter argumenterte på denne måten bryt det med det bildet vi kjenner av han. Carter vert gjerne framstilt som ein president som gjorde eit forsøk på å føre ein idealistisk og humanitær utanrikspolitikk.<sup>98</sup> Dette er ikkje overraskande; i mange offentlege utsegner i si presidentperiode har Carter vektlegg nettopp desse aspekta. Slik var det også med utsegna i etterkant av redningsaksjonen. Då administrasjonen førebur seg til å uttale seg 25. april, dagen etter den mislukka aksjonen, vart det ramsa opp åtte argument for å gjennomføre eit redningsforsøk.<sup>99</sup> Ingen av desse handla om ære. Ein kan då spørje seg om Carter endra oppfatning om kva som var viktige argument for redningsaksjonen dei to vekene etter den vart vedteken, eller om han vektlegg andre sider når han pratar med media enn med medarbeidarane sine. Det er liten tvil om at det Carter sa til medarbeidarane i NSC var nærmare hans reelle overtyding enn det han sa offentleg.

Carter-sitatet over har med parentesen «(Impressed by Sadat's views)».<sup>100</sup> Det kjem ikkje fram i referatet frå NSC-møtet kva dette referer til, men det hang truleg saman med den egyptiske presidenten Anwar Sadat sitt besøk til Washington 7.-10.april 1980. Her skal han ha åtvara Carter om at USA tapar internasjonal posisjon gjennom sin overdrivne passivitet og manglande handling i gisselkrisa.<sup>101</sup> Dette forklarar kvifor Carter brått fokuserte på den nasjonale æra. Etter revolusjonen i Iran og den sovjetiske invasjonen i Afghanistan, var den amerikanske posisjonen allereie svekka. Difor ville det vere svært ugunstig for USA å tape prestisje både i Egypt og i andre land i Midtausten. Carter var nøydd til å handle, nøydd til å syne at USA var til å rekne med. Då vart eit forsøk på ein redningsaksjon eit godt alternativ. Behovet for handling var sentralt, dette vart igjen understreka av Carter på NSC-møtet 15.april, «I am also concerned over a failure to act».<sup>102</sup>

Det er altså klart at Carter meinte det var viktig å handle, eller kanskje meir presist å syne seg handlekraftig. Då må ein spørje kvifor var dette viktig? Kven var det han vil syne seg handlekraftig for? Ulike svar på dette spørsmålet har gitt ulike forståingar av redningsaksjonen. Dersom ein, som mange har gjort, tenkjer på å syne handlekraft overfor det amerikanske folk,

---

<sup>97</sup> Memorandum of conversation, National Security Council Meeting, 11.april 80, Plains file, Iran 4/80 boks 23, parentes i original.

<sup>98</sup> Sjå mellom anna T. Michael Ruddy. *Jimmy Carter*, 88.

<sup>99</sup> Memorandum, Al McDonald til Senior staff and deputies, 25.april 80, Carter Presidential Papers- Staff Offices: Chief of Staff Bernie Aronsen Subject Files «Iran» boks 196 JCL.

<sup>100</sup> Memorandum of conversation, National Security Council Meeting, 11.april 80, Plains file, Iran 4/80 boks 23 JCL.

<sup>101</sup> Ryan, *The Iranian Rescue Mission*, 49-50.

<sup>102</sup> Memorandum of conversation, National Security Council Meeting, 15.april 80, Plains file, Iran 4/80 boks 23 JCL.

må ein kople aksjonen opp mot presidentvalet. Dersom ein derimot tenkjer på å syne handlekraft overfor andre statar, vert situasjonen noko annleis. Då handlar det om USA si internasjonale rolle og persepsjonen av USA som ei supermakt. Eit tredje alternativ er å forstå det som handlekraft overfor Iran og meir spesifikt Ayatollah Khomeini. Det siste har vorte gjort i *American Foreign Relations*, her er argumentet basert på to sitat. 7. april skal Khomeini ha sagt «Why should we be afraid?.. Carter does not have the guts to engage in military action».<sup>103</sup> Dette skal Carter ha reagert på med å privat seie at han ville straffe dei, «They must know that they can't fool around with us».<sup>104</sup> I så fall er det rimeleg å tolke Carter sitt ønskje om handling opp mot Iran og Khomeini. Problemet med dette er først og fremst kjeldegrunnlaget. Paterson referer i sitt argument til Mark Bowden,<sup>105</sup> medan Bowden ikkje har noko referanse i det heile. No kan ein sjølvsagt ikkje avskrive at dette kan ha hendt, men det er ikkje noko som tyder på at Carter har reagert på denne måten i kjeldematerialet mitt frå Jimmy Carter Library.

Eit liknande problem er å kople ønsket om handlekraft opp mot presidentvalet. Dette er det heller ingen tydelege referansar til i kjeldematerialet mitt. No skal det seiast at mykje kan ha hendt utan at det er tilgjengeleg i det opne kjeldematerialet. Eit døme er mappa «Iran 4/80» i Plains File, samlinga Carter tok med seg for å skrive memoarane sine. Den inneheld originalt 39 hemmelege kjelder, berre fire av desse er gjort tilgjengeleg. Likevel må ein som historikar ta utgangspunkt i det kjeldene seier. I så fall er tolkinga med forholdet til omverda, heilt klart den beste. Slik sett kan det være rimeleg å konkludere med at det avgjerande argumentet for at Carter sette i gang redningsaksjonen, var den nasjonale æra og USA sin internasjonale posisjon.

Det at Carter valde 11. april for å diskutere redningsaksjonen i NSC, er interessant. Det er tydeleg at dette ikkje var planlagt, samtidig var dette eit møte som utanriksminister Cyrus Vance ikkje kunne delta på. Det er merkeleg å velje ein av få dagar der utanriksministeren ikkje er der til å diskutere eit så viktig utanrikspolitisk spørsmål. Dette kan forklarast på fleire måtar. Det kan tenkjast at Carter ikkje ønskte å ha Vance på møtet, det kan tenkjast at Carter såg på saken som lite viktig utanrikspolitisk, og difor ikkje trengte å ha Vance der, eller det kan tenkjast at situasjonen brått hadde endra seg, slik at ein måtte ha møtet så fort som råd, trass i at Vance ikkje kunne vere der.

---

<sup>103</sup> Paterson et.al, *American Foreign Relations*, 409.

<sup>104</sup> Ibid.

<sup>105</sup> Mark Bowden, *Guests of the Ayatollah: The First Battle in the West's War with Militant Islam* (London: Atlantic Books, 2006). Bowden skildrar gisselkrisa med ein imponerende detaljrikdom, dessverre er heile boka med eit svært mangelfullt kjeldeapparat.

Den første forklaringa, at Carter ikkje ville ha Vance der, verkar rimeleg i og med at Vance var ueinig med Carter. Likevel var Carter sjef for sin eigen utanrikspolitikk. Han kunne uansett få gjennomført aksjonen. Då er det liten grunn til å tru at han tilpassa tidspunktet for møtet ut i frå kven som kunne vere der, særleg når han hadde god grunn til å vente støtte frå mange andre på møtet.

Den andre forklaringa er at Carter ikkje såg på saken som viktig utanrikspolitisk. I og med at den likevel var viktig nok til å oppta mykje av presidenten si tid, må den ha vore viktig innanrikspolitisk. Då er koplinga til valkampen som er den mest naturlege forklaringa. Dette gir også rom for å stille spørsmål om det var meininga at aksjonen skulle mislukkast. Sjølv om det er mangelfullt kjeldegrunnlag for å hevde dette, er det ei rimeleg forklaring på aksjonen. Dette vert vidare diskutert nedanfor.

Då er den forklaringa som står att som den mest plausible, den tredje, at noko nett har endra seg, og at det difor var eit reelt hastemøte. Carter hadde akkurat bestemt seg for redningsaksjonen fordi omgivnadane har endra seg. Då er det sannsynleg at påverknaden Sadat hadde på Carter var avgjerande. Trass i at det er overraskande at Carter let dette vere eit viktig argument. Her er det viktig å presisere at det ikkje er snakk om at Sadat styrte amerikansk utanrikspolitikk. Ein må heller forstå dette som det siste, men avgjerande argumentet, i ei rekke av mange.

Avslutningsvis i NSC-møtet 11.april sa Carter «I have talked this over with Rosalynn, also with Ham, Fritz, Jody and Cy and extensively with Zbig<sup>106</sup>. (...) (Cy prefers also the rescue option if we have to go the military route).»<sup>107</sup> Det er grunn til å stille spørsmål ved dette. For det første var Cyrus (Cy) Vance så ueinig i å gjennomføre redningsaksjonen at han leverte si oppseiing 21. april, altså 3 dagar før redningsaksjonen. Her var Vance svært tydeleg på kor mykje han støttar presidenten i alt med unntak av redningsaksjonen, men at å gjennomføre denne aksjonen mot hans vilje er så alvorleg at han ikkje lenger kunne vere utanriksminister.<sup>108</sup> I og med at Vance reagerte så sterkt på redningsaksjonen kan ein vanskeleg tenkje seg til at dette var noko han føretrakk. No sa Carter rett nok at Vance føretrakk redningsaksjonen framfor andre militære virkemiddel, noko som kan vere sant, men likevel var reaksjonen til Vance kraftig. Det var den også på NSC-møtet 15. april, der Vance argumenterte heftig mot aksjonen.

---

<sup>106</sup> Carter referer her til førstedama Rosalynn Carter, stabssjef Hamilton Jordan, visepresident Walter Mondale, pressesekretær Jody Powell, utanriksminister Cyrus Vance og nasjonal tryggingrådgivar Zbigniew Brzezinski.

<sup>107</sup>Memorandum of conversation, National Security Council Meeting, 11.april 80, Plains file, Iran 4/80 boks 23 JCL.

<sup>108</sup> Draft, Vance til Carter 21.april i DHM, Jody Powell Subject Files, briefing notes 4/80 [2] boks 9 JCL.

Vance sin sterke reaksjon ser ein også i memoarane hans, der han seier han var «stunned and angry».<sup>109</sup> Det er lett å forstå at Vance vart sint av ei avgjerse han ikkje var samd med, men når han vart satt ut, er det eit teikn på at han nok ikkje var så informert som ein kunne tru ut i frå kva Carter sa i NSC-møtet.

På den andre side kan ein forstå Vance sin reaksjon som at han var sliten og at avgjerdsla om å setje i gong redningsaksjonen berre var dropen som fekk begeret til å flyte over. Zbigniew Brzezinski seier i sine memoarar at «the rescue mission decision was taken in the context of growing bitterness between Vance and the White House».<sup>110</sup> Dette høver godt med det biletet vi kjenner frå litteraturen, der utanrikspolitik til Carter-administrasjonen var prega av konflikten mellom den realpolitiske Brzezinski og den meir idealistiske Vance. Det er forståeleg at Brzezinski vel å omtale denne konflikten som mellom Vance og Det kvite hus i staden for å skrive rett ut at den er mellom han og Vance. Likevel verkar det som Brzezinski si forklaring er litt for enkel. For det første er Vance svært støttande overfor Carter både i sitt oppseiingsbrev og i sine memoarar. Han er heilt klar på at problemet er eine og åleine avgjerdsla om redningsaksjonen. Dersom grunnen til at Vance ville slutte var summen av mange ting, kunne han trygt ha sagt dette utan å skade sitt eige renommé, både i oppseiingsbrevet og i memoarane. Særleg i memoarane kunne dette ha vore ein måte å distansere seg frå Carter-administrasjonens feilsteg, og slik sette seg sjølv i eit betre lys. Når han ikkje gjer det er det rimeleg å tru at han er ærleg. For det andre seier Brzezinski at Vance verka utbrent, og forklarar på den måten kvifor han seier opp.<sup>111</sup> Dette står det ingenting om i arkivmaterialet mitt, noko som ikkje er spesielt overraskande. Det er meir overraskande at korkje Vance eller Carter nemner dette i sine memoarar som ein viktig grunn til at Vance sa opp. Sjølv om det er lett å tenkje seg at ein utanriksminister i ei regjering i krise er sliten, er det meir plausibelt at Brzezinski har moderert alvoret i Vance si oppseiing i sine memoarar for å gjere saken mindre alvorleg, og slik redusere kontroversen kring redningsaksjonen.

Ei anna forklaring på Vance si oppseiing er at det kan ha vore intensjonen til Carter, anten han har avtalt det med Vance eller ikkje. Carter forklarar sjølv at han ønskte seg ein utanriksminister med meir politisk appell. Vance sin etterfølgjar, Edmund Muskie, tilfredsstilte dette behovet, og vart difor vald framfor Warren Christopher sjølv om Christopher var meir på linje med Carter politisk. Vance sin avgang var slik sett valstrategisk ønskeleg. Då kan det også

---

<sup>109</sup> Vance, *Hard Choices*, 409.

<sup>110</sup> Brzezinski, *Power and Principle*, 496.

<sup>111</sup> Ibid.

vere grunnen til at han gjekk av. Dette vil sjølvsagt ikkje seie at Carter sette i gong redningsaksjonen for å få Vance til å sei opp, men det gjer Vance sin avgang til ein positiv og ikkje negativ konsekvens av vedtaket.<sup>112</sup>

Det er ikkje berre Vance som verkar å vere overraska over redningsaksjonen. Rosalynn Carter skriv i sine memoarar at Carter fortalde henne om planlegginga av redningsaksjonen 12. april. Ho skildrar ei samtale der Carter fortalde henne at planlegginga av ein redningsaksjon hadde gått føre seg heilt sidan gislane vart tekne. Sjølv om det er tydeleg at Carter har prata med Rosalynn om problema med gislane er det ingenting i hennar memoarar som tyder på at ho kjende til ein plan om ein redningsaksjon. Her er det liten grunn til å tvile på hennar utsegn i og med at ho jamt over søker å setje president Carter i eit godt lys, og støttar han i avgjerdsla om redningsaksjonen.<sup>113</sup>

Ein liknande situasjon er det med Jody Powell. Han hevdar i sine memoarar at han prata med Carter om redningsaksjonen, men berre nokre få minutt før NSC-møtet 11.april. Då diskuterte dei berre kor vidt Powell burde få vite om redningsaksjonen i det heile, for å eventuelt kunne sleppe å lyge til pressa når han ikkje pratar om den. Dei snakka ikkje om innhaldet i aksjonen eller kor vidt den var ei fornuftig løysing på problemet.<sup>114</sup> Då er det mykje som tyder på at Carter berre i liten grad hadde prata med dei han seier at han prata med. Han hadde prata med Jordan, Mondale og Brzezinski, men ikkje Vance, Powell og Rosalynn. Då ser det ut som om Carter uttrykte seg slik for å skape legitimitet for avgjersla si, og på den måten skape eit bilete internt i administrasjonen om sterkare konsensus enn det det faktisk var.

Dersom Carter såg det som nødvendig å lyge til sin eigen administrasjon for å få vedteke redningsaksjonen, tyder det på at han såg det som viktig å få den vedteken fort og utan store komplikasjonar. I og med at ein kan rekne med at han forstod at problema med å unngå diskusjonar på eit så kontroversielt tema kunne kome att seinare, er det rimeleg å tru at å få vedteke aksjonen fort var hovudinteressa hans. Når tidspunktet for avgjersla var så viktig for Carter, er det sannsynleg at det var fordi han nett hadde fått nye og avgjerande argument for redningsaksjonen, som at Anwar Sadat hadde sagt at hans passivitet truar USA sin nasjonale ære og internasjonale prestisje.

---

<sup>112</sup> Carter, *The White House Diary*, 423.

<sup>113</sup> Carter, *First Lady from Plains*, 323-324.

<sup>114</sup> Powell, *The Other Side of the Story*, 226.

### 4.3 Ingen annan utveg

Når ein ser på korleis dei andre i NSC argumenterte, kjem fokuset på det mislukka diplomatiet fram. Det var ingen andre moglege løysingar på krisa enn å ty til militære verkemiddel. Både forsvarsminister Harold Brown og CIA-sjef Stansfield Turner var opptekne av at dei diplomatiske alternativa ikkje hadde særleg gode utsikter. Turner hevda at «The negotiating is not really open», medan Brown sa «The proposed diplomatic initiatives are not impressive».<sup>115</sup> Dei var altså einige med Carter i at situasjonen ikkje var tenleg slik den var, og at det ikkje var sannsynleg med ei snarleg løysning. På møtet 11.april var det berre Warren Christopher som var ueinig i dette. Han ville gi diplomatiet ein sjanse til. Det var fleire ikkje-valdelege middel som kunne brukast, dessutan meinte han at ein må gi europearane betre tid til å svare på forslaget om embargo.<sup>116</sup> I etterpåklokskapens namn er det sjølv sagt lett å gi Christopher rett, redningsaksjonen slo feil, gisselkrisa vart løyst diplomatisk.

Eit anna spørsmål vert om ein kunne gi Christopher rett med den kunnskapen ein hadde i april 1980? Det er ikkje nokon tvil om at eitt diplomatisk initiativ hadde slått feil, forsøka med å få overført gislane etter Bani-Sadr sin plan slo feil. Dette gjer derimot ikkje at alle forsøk var prøvd ut. Carter administrasjonen hadde heilt klart lidd eit nederlag med å ikkje få til denne overføringa, men likevel hadde dei kome i gong med planlegging av nye sanksjonar og nye diplomatiske initiativ. 10 april lovde Ghotbzadeh, den iranske utanriksministeren, å gå med på å bruke Sveits som såkalla «protecting power»,<sup>117</sup> 23. april vart ei tilsvarande rolle for både Algerie og Sveits avklara.<sup>118</sup> Dette vart seinare heilt avgjerande for å få frigjort gislane, og må såleis kallast eit viktig diplomatisk steg. Vidare vart EF sine utanriksministrar den 22. april einige om å oppmode sine nasjonale parlament om å innføre sanksjonane mot Iran som Sovjetunionen hadde lagt ned veto mot i tryggingrådet i FN 10. januar.<sup>119</sup> Det er altså klart at trass i at Carter-administrasjonen nett hadde erfart motgang i dei diplomatiske forsøka då redningsaksjonen vart vedteken, må ein gi Christopher rett i at det framleis var diplomatisk progresjon på fleire områder.

---

<sup>115</sup> Memorandum of conversation, National Security Council Meeting, 11.april 80, Plains file, Iran 4/80 boks 23 JCL.

<sup>116</sup> Ibid.

<sup>117</sup> Sveits og Algerie fekk viktige oppgåver i forhandlingane mellom Carter og Khomeini når Khomeini ikkje ville prate direkte med dei amerikanske utsendingane, sjå Harold Saunders «Beginning of the End» i *American Hostages in Iran* red. Christopher, 281-296; Robert B. Owen «The Final Negotiation and Release in Algiers,» i *American Hostages in Iran*, red. Christopher, 297-324.

<sup>118</sup> Memorandum, Harold Saunders til Vance, Christopher og Newsom 23.april 80, NLC 128-2-1-8-8 JCL; Memorandum, Harold Saunders til Vance og Newsom, 10.april 80, NLC 128-2-1-2-4 JCL.

<sup>119</sup> Draft, DHM, Jody Powell Subject Files, briefing notes 4/80 [2] boks 9 JCL.

Her var Christopher samd med utanriksministeren. Vance argumenterte i NSC-møtet 15.april for at det vart gjort diplomatisk framgang og at det framleis var håp for å få til ei løysing gjennom forhandlingar. Då forsvarsminister Brown spurde Vance om han hadde noko tidsperspektiv, svarte han at det kunne verte ei løysing etter andre runde av parlamentsvalet.<sup>120</sup> Uansett såg Vance på dette som eit betre alternativ enn ein redningsaksjon der minst 5-15 gissel ville miste livet. Ingen i rådet var ueinige i at gissel ville verte drepne, men dei var uroa over konsekvensane viss ein ikkje fekk til ei løysing etter valet.<sup>121</sup>

Det var rimeleg å vere skeptisk til ei diplomatisk løysing. Gjennom heile gisselkrisa hadde det vore utsettingar og uklarheiter frå iransk hald. Det hadde vore uklart kva myndigheit ulike representantar hadde uttalt seg med, og fleire lovnadar hadde vorte brotne. Eit godt døme er at 1. april sa utanriksminister Gotbzadeh at han var veldig optimistisk til å få løyst krisa og overført gislane, medan president Bani-Sadr annonserte at gislane ville verte overførte til eit sjukehus for å verte tekne vare på av iranske myndigheiter der.<sup>122</sup> Når dette ikkje skjedde, vart det naturleg nok vanskeleg for Carter-administrasjonen å ha tru på forhandlingane. I og med at slike lovnader var hyppige heilt sidan dåverande utanriksminister Yazdi like etter ambassadeokkupasjonen sa at situasjonen skulle løysast på mindre enn 48 timar, er det lett å forstå kvifor Carter-administrasjonen hadde lite tru på diplomatiske løysingar.

#### **4.4 Valkamp**

Problema med desse brotne lovnadane vart tydelege då pressa koplå Carter sine utsegn opp mot primærvalet i Wisconsin. Morgonen 1. april kalla presidenten inn sine nærmaste medarbeidarar til møte i det ovale kontor klokka 05.00. Her vart det diskutert at Bani-Sadr hadde gått ut offentlig og sagt at regjeringa ville ta over ansvaret for gislane dersom Carter-administrasjonen anerkjente iranske myndigheiter sin rett til å handtere krisa. Etter ein liten diskusjon bestemmer Carter-administrasjonen seg for at dette er ein sjanse dei må gripe. Likevel ville dei ikkje anerkjenne iranske myndigheiter sin rett til å handtere krisa, i frykt for at det ville legitimere eventuelle rettsakar. Vidare var det viktig for administrasjonen å gi ei klar melding om at dei støtta initiativet til Bani-Sadr, og at det kom fram raskt og tydeleg slik at iranske myndigheiter

---

<sup>120</sup> Administrasjonen var ikkje sikre på når valet kom til å vere, det vart venta at det kunne ta fleire månadar å samle parlamentet.

<sup>121</sup> Memorandum of conversation, National Security Council Meeting, 15.april 80, Plains file, Iran 4/80 boks 23 JCL.

<sup>122</sup> FBIS 27 1.april 1980, i DHM, Jody Powell, Subject Files, Briefing Notes, 4/80 [1] boks 9 JCL; Pressemelding Jody Powell 1.april 1980, NSA Country Files, Iran: 4/1-18/80 boks 33 JCL.

ikkje fekk tid til å ombestemme seg. Difor sendte Carter ut ei pressemelding allereie klokka 07.20, altså medan det framleis var kveld i Teheran. Her anerkjente Carter iranske myndigheiter si kompetanse til å handtere krisa. Problemet for administrasjonen var at det var primærval i Wisconsin 1.april. Her vann Carter over motkandidaten, senator Ted Kennedy. Dette var sjølvstøtt positivt for Carter. Det vart derimot eit problem når gislane ikkje vart overførte likevel. Kennedy skulda då Carter for å utnytte gisselsituasjonen til sin politiske fordel. Samtidig kom det fleire presseoppslag om at Carter freista å vinne oppslutting gjennom gisselkrisa, og at Carter sine utsegn 1.april var sikta mot valet i Wisconsin, meir enn at det var ei reell tru på at gislane kunne vere frigjort og ein nødvendig strategi for å få dette til. Då fekk Carter problem med truverdigheita.<sup>123</sup>

Sjølv om valkampen ikkje er ser ut til å ha vore eit avgjerande tema i administrasjonen rundt 1.april, er det sannsynleg at dette kan ha påverka Carter fram mot 11.april. 1.april, etter at valresultatet i Wisconsin vart klart, rekna pressesekretær Jody Powell ut at Kennedy trengte heile 73% av delegata frå dei usikre delstatane for å kunne vinne primærvalet. Det var langt meir enn ein kunne vente at han fekk.<sup>124</sup> Difor trengte ikkje Carter å uroe seg for primærvalet dei neste dagane. Det faktum at administrasjonen i det heile reknar på dette, kan vere eit argument for at valkampen er viktig. Likevel er det ikkje urimeleg å tru Powell og Carter på at primærvalet ikkje var til hovudårsaken til utsegna 1. april.

7. april sa Jody Powell «we are about to have an enormous credibility problem»,<sup>125</sup> og sikta til presseoppslaga om at Carter utnytta gisselsituasjonen. Dette var sjølvstøtt alvorleg for valkampen til Carter. Heilt sidan gislane vart tekne hadde denne krisa verka samlande, og hadde gitt Carter støtte. Utanrikspolitikken hadde på denne måten gjort at Carter hadde hatt leiinga i nominasjonskampen mot Kennedy, trass i mellom anna økonomiske utfordringar.<sup>126</sup> Då må det ha vore viktig for Carter å få gjort noko med truverdigheita si i utanrikspolitikken. Ei potensiell løysing for han kan ha vore å sette i gong redningsaksjonen.

---

<sup>123</sup> Jordan, *Crisis*, 243-248; Pressemelding 1.april 1980 *The White House Statement by the President on Developments in Iran* Carter Presidential Papers Staff Offices, Iran- Memos to the President 11/79-6/80 boks 92 JCL.

<sup>124</sup> Draft, DHM Jody Powell Papers, Subject Files, Briefing Notes 4/80 [1] boks 9 JCL.

<sup>125</sup> Jordan, *Crisis*, 248.

<sup>126</sup> Timothy Stanley, *Kennedy vs. Carter: The 1980 Battle for the Democratic Party's Soul* (Lawrence: University Press of Kansas, 2010).



## 4.5 Humanitære argument

Under presskonferansen etter den mislukka redningsaksjonen hevda Carter at aksjonen var ein humanitær aksjon.<sup>127</sup> Kan ein forstå redningsaksjonen ut frå humanitære målsettingar? Det er lite sannsynleg at dette var avgjerande for Carter. Likevel kan det ha spelt ei viss rolle.

Gjennom heile gisselkrisa uttrykte Carter at han var uroa for situasjonen til gislane. Sjølv om det ikkje kom nokon rapportar om at gislane skal ha fått ein forverra situasjon dei siste dagane før 11. april, er det klart at situasjonen deira ikkje var god. Dette var også Carter sjølv sagt klar over. Dette kan har vore med på å gjere det viktig for Carter å få frigjort gislane. I diskusjonane om redningsaksjonen 15. april argumenterte presidenten for at administrasjonen hadde ansvaret for diplomatane sine, for gislane, men ikkje for andre amerikanarar i Iran som kunne verte sett i fare av ein redningsaksjon. «We are responsible for our diplomats- but we are not responsible for private citizens in Iran who have refused time and again to follow our advice to leave!»<sup>128</sup> Sjølv om Carter ikkje var upåverka over risikoen han påførte desse amerikanarane, såg han på ansvaret for den humanitære situasjonen til gislane som viktigare.

Vidare er det klart at Carter også verdsette andre liv. Han ønskte å halde dødstala så låge som råd gjennom redningsaksjonen. For å unngå alvorlege militære konfrontasjonar var det viktig å halde aksjonen så liten ein kunne, slik at den ikkje vart oppdaga, trass i at det gjorde det meir sannsynleg at aksjonen måtte avbrytast. Carter var også tydeleg på at han ikkje ønskte nokon sivile tap på iransk side, sjølv om det ikkje var realistisk. Brzezinski argumenterte hardt for straffeangrep mot Iran, anten samtidig som aksjonen eller eventuelt etter ein mislukka aksjon. Likevel ønskte ikkje Carter dette. Her skal det nemnast at Carter brukte lang tid på å avgjere det, men 23. april valde han å verdsette iranske sivile og minimalt auka spenningsnivå, over effekten av ein straffeaksjon.<sup>129</sup>

Problemet med å forstå aksjonen som humanitær, er at den var for risikabel. I og med at Vance sa at 5-15 av gislane vil verte drepne i eit forsøk på å frigjere dei, kan aksjonen vanskeleg forklarast ut i frå at ein verdsett livet til gislane høgt. Det er heilt klart at redningsaksjonen vart vurdert som eit risikoprojekt. Joint Chief of Staff meinte at sjansen for suksess var 60-70%, og det var ingen tvil om at ein mislukka aksjon ville sette gislane i fare.<sup>130</sup> Vidare syner ein rapport til CIA-sjefen at sannsynet for ein absolutt vellukka aksjon, altså alle gissel frigjort, var

---

<sup>127</sup> Pressemelding 25. april 1980, Congressional Liaison Evelyn Small Correspondence Iran [1] boks 339 JCL.

<sup>128</sup> Jordan, *Crisis*, 253.

<sup>129</sup> Brzezinski, *Power and Principle*, 496.

<sup>130</sup> Ryan, *The Iranian Rescue Mission*, 125.

vurdert som like sannsynleg som ein fullstendig fiasko, her er den mest lovande utrekninga ei sannsynleg tapsrate på 60% av gislane.<sup>131</sup> Dersom Carter tok dette inn over seg, kan han ikkje ha vedteke aksjonen av humanitære årsaker. Då måtte i så fall Carter ha rekna det som sannsynleg at vidare fangenskap ville føre til at gislane vart drepne. Det er ikkje noko kjeldegrunnlag for å hevde at Carter trudde det.

På den andre sida kan Carter ha trudd at aksjonen kunne verte vellukka. Carter har sjølv uttalt at han trudde det var 90% sjanse for at aksjonen ville lukkast.<sup>132</sup> Medan granskingsrapporten etter aksjonen slår fast at «the concept of a small, clandestine operation was sound».<sup>133</sup> Det kan altså tenkjast at Carter meinte at aksjonen mest truleg ville gå bra. Her kan han ha vorte oppmuntra av at ein vellukka operasjon 2. april hadde lokalisert landingsområdet Desert One.<sup>134</sup>

Likevel er det urimeleg å tru at Carter hadde stor nok tru på redningsaksjonen til at ein kunne gjennomføre den av humanitære årsaker. Sjølv 90% sjanse for suksess gir 10% sjanse for fiasko. Sjølv om sannsynet for ein vellukka aksjon auka i takt med betre trening og betre etterretning var framleis redningsaksjonen svært risikabel. Dette må også Carter ha forstått.

Dette er problematisk. Det er klart at Carter var oppteken av det humanitære. Difor kan han ikkje, paradoksalt nok, ha sett i gong redningsaksjonen på grunn av gislane. Han burde derimot ha unngått redningsaksjonen for å verne liva til gislane. Trass i at aksjonen kunne vore tenleg både ut i frå eit valkampperspektiv, og ut i frå omsynet til nasjonal ære og USA sin posisjon i Midtausten.

#### **4.6 Designed to fail**

Difor må eg spørje, kan det tenkjast at redningsaksjonen var planlagt for at den skulle verte avbroten? Dette ville løyse mange av utfordringane Carter hadde. Han ville vise, både overfor det amerikanske folk, og over for omverda, at han hadde vilje til handling. Samtidig ville han vise at han var ansvarleg, han tok situasjonen med gislane på alvor, men ville ikkje gjere

---

<sup>131</sup> Salinger *America Held Hostage*, 237-8.

<sup>132</sup> Lars Rise *En president i krise : President Jimmy Carters Beslutninger i tilknytning til Gisselkrisen i Iran 1980* (Hovedoppgave i sammenlignende politikk - Universitetet i Bergen, 1989) vedlegg 1.

<sup>133</sup> «Holloway Report» 23. august 1980:57, henta 3. september 2014 frå <http://www2.gwu.edu/~nsarchiv/NSAEBB/NSAEBB63/doc8.pdf>.

<sup>134</sup> Carter, *The White House Diary*, 414.

aksjonen unødig stor, slik at det kunne sette både gislane eller iranske sivile i fare. Slik kunne ein avbroten aksjon tilfredstilt Carter sine viktigaste behov.

Ser ein på det militærtekniske, er det rom for å forstå det som om aksjonen var planlagt for å mislukkast, sjølv om det er klart at det aldri var intensjonen at aksjonen skulle ende med ei helikopterulykke. Her er det fleire ting å ta tak i. Kvifor var det berre åtte helikopter med på aksjonen? Kvifor var det ikkje noko radiosamband mellom helikoptera? Dette kunne fått piloten som snudde attende til *Nimitz* til å halde fram. Kvifor var det ikkje med noka ekstra hydraulikkpumpe til Desert One? Og kvifor kunne ein ikkje halde fram med berre fem helikopter?

Det første spørsmålet svarer Holloway-rapporten relativt tilfredsstillande på. Det var avgjerande å halde operasjonen hemmeleg, og den ville settast i fare med å bruke mange helikopter. Ikkje berre ville den vorte meir synleg og bråkete i det iranske luftromet, men om ein fekk fleire naudlanda helikopter spreidd utover den iranske landsbygda ville det verke alarmerande. Eit anna poeng er at sjølv om sandstormen helikoptera møtte på veg mot Desert One ikkje var noko uvanleg fenomen, var det heller ikkje urimeleg å vente at ein kunne unngå det. Aksjonen skulle utsettast ved dårleg vêr, men sandstormen kom uventa.<sup>135</sup>

Problemet med manglande radiosamband er vanskelegare å forstå. Argumentasjonen for å ikkje ha samband var at det ville medføre risiko for å verte oppdaga. Dette er i seg sjølv eit legitimt argument. Dersom ein tenkjer på sannsynet for at nokon skal fange opp og avkode ei kort radiomelding, og vidare forstå at dette dreier seg om ein amerikansk redningsaksjon, er det vanskeleg å forstå kvifor pilotane ikkje hadde denne mogelegheita.

Når det gjeld den manglande hydraulikkpumpa er forklaringa i første omgang enkel. Det var ei ekstra Pumpe med i det helikopteret som snudde attende til *Nimitz*. I så fall kan ein forklare at det ikkje var med ei Pumpe til Desert One med uflaks. Likevel burde det kanskje ha vore ei ekstra Pumpe i eit av Hercules-flya eller i eit anna helikopter. Vidare var det rom for å frakte pumpa til Desert One etter at problemet hadde oppstått, anten med helikopter eller eit jagarfly og fallskjermdropp. Dette var enkle grep som kunne gjort det mogeleg å halde fram.<sup>136</sup>

Det er også klart at ein kunne ha heldt fram aksjonen med berre fem helikopter, trass i at ein på førehand hadde sett ei grense på seks. Ein kunne enkelt ha fjerna dei ekstra

---

<sup>135</sup> «Holloway Report» 23. august 1980, henta 3. september 2014 frå <http://www2.gwu.edu/~nsarchiv/NSAEBB/NSAEBB63/doc8.pdf>; Brzezinski, *Power and Principle*, 495.

<sup>136</sup> Thornton, *The Carter Years*, 503.

drivstofftankane, som var sett inn for å gjere det mogeleg å fly til Desert One, dei var ikkje nødvendige på resten av oppdraget. Då ville ein fått ein lastekapasitet på 56 personar per helikopter. I og med at gissel og redningsmannskap til saman var 178 stykk, var det altså god plass i fire helikopter. Dersom ein reknar med eit lågt tapstal på 10 personar, Pentagon rekna med om lag 50 totalt på gislane og militært personell, hadde det endå til vore nok med tre helikopter.<sup>137</sup>

Carter hadde altså incentiv til å få til ein mislukka aksjon, og det er klare manglar i både planlegginga og gjennomføringa av aksjonen, som enkelt kunne vore gjort noko med. Det var Carter som tok den endeleg avgjersla om å avbryte aksjonen. Det er difor rimeleg å tru at det var nettopp ein avbroten aksjon Carter ønskte. Likevel må det seiast at ein ikkje kan vite at Carter ønskte dette, og heller ikkje om han gjorde noko for å få det til.

For det første er det ingenting i kjeldematerialet som talar for at aksjonen var ein planlagt fiasko. Det er for så vidt ikkje så rart. Dei fleste dokumenta om aksjonen er framleis hemmelegstempla, og det er klart om det sto i klartekst at aksjonen var planlagt som mislukka ville det vere god grunn til å halde noko hemmeleg. Vidare står det heller ikkje noko slikt i noko av memoarlitteraturen. Det er heller ikkje særleg overraskande. Memoarar med eit slikt innhald ville vorte ein salssuksess, men med eit minimum av lojalitet overfor Carter ville dette så klart ikkje vorte publisert. I og med at det nok berre var dei aller nærmaste medarbeidarane og dei direkte involverte som ville ha visst om slike planar, er det ikkje utenkeleg at noko slikt kan haldast hemmeleg. Som historikar må ein halde seg til kjeldene. Sjølv om det er ei sterk indisierrekke for at Carter ønskte at aksjonen skulle verte avbroten, kan eg ikkje verifisere det.

---

<sup>137</sup> Thornton, *The Carter Years*, 501-504.



## 5. Passivitet

25. april må ein prega president forklare nasjonen at han har lidd eit nederlag. Operation Eagle Claw var fullstendig mislukka. Åtte soldatar mista livet, og aksjonen var aldri i nærleiken av å frigi gislane. 26. april annonserte Cyrus Vance sin avgang. 28. april vart det klart at den populære senatoren Edmund Muskie tok over. To dagar seinare annonserte Carter at han hadde tenkt å starte å drive valkamp. Det var viktig for han som president å kunne vere med folket. Dette var ei total omprioritering frå 4. desember året før, då meinte han at han ikkje kunne forlate Det kvite hus så lenge gislane var fanga.

Utover sommaren var det liten framgang i forhandlingane. Frå militært hald vart det gjort enkle førebuingar til nye aksjonar. Likevel vart dette mest ikkje vurdert av Carter. Først etter utbrotet av krigen mellom Iran og Irak såg ein progresjon i forhandlingane. Sjølv om ein utover hausten såg tydeleg framgang i forhandlingane, var den langt frå stor nok til å få frigjort gislane før presidentvalet 4.november 1980. Først på Ronald Reagan sin innsettingsdag 20.januar 1981 kunne gislane forlate Iran.

Sjølv om Carter fleire gongar har gitt uttrykk for si store uro for situasjonen til gislane, ser det ut som han mest ikkje bryr seg om gislane i perioden etter redningsaksjonen. Då er det nærliggande å tru at han berre i lita grad brydde seg om gislane då han bestemte seg for å prøve ein aksjon. Difor er det rimeleg å hevde at gisselaksjonen vart satt i gong av omsyn til valkampen, ikkje på grunn av uro over situasjonen til gislane.

Etter den mislukka redningsaksjonen gjorde Carter-administrasjonen ingen forsøk på nye redningsaksjonar. Dersom problemet med den mislukka aksjonen berre var at ein mangla eitt helikopter ved Desert One, kunne ein lett ha tenkt seg nye forsøk. Når dette ikkje ein gong vart vurdert, må ein spørje kvifor. Likeeins vart det vurdert militære straffetiltak mot Iran heilt fram til 23. april, medan det etter redningsaksjonen nesten ikkje vart vurdert. Det at Carter så brått avsluttar alle vurderingar av maktbruk, tyder på at målet med redningsaksjonen ikkje berre var å frigjere gislane.

Det vil ikkje seie at det ikkje var gode grunnar til å la vere å bruke makt. Det ville vere vanskelegare med ein ny aksjon, og dermed svært risikabelt. Då er det meir overraskande at det heller ikkje vart brukt militærmakt på andre måtar. Dette kan sjølv sagt forklarast med at Carter hadde tru på diplomatiske løysingar, men diplomatiet hadde dårlegare sjansar etter redningsaksjonen enn før. Totalt sett kan Carter sin passivitet forklarast ut i frå omsynet til stabiliteten i Midtausten og frykta for sovjetisk ekspansjon. Problemet er at det i så fall også

burde ha hindra han frå å sett i gong Operation Eagle Claw. Då er det sannsynleg at redningsaksjonen vart sett i gong for å legitimere at Carter ville drive valkamp.

### 5.1 Ein ny aksjon var for farleg

Dersom Carter-administrasjonen skulle sette i gong ein ny redningsaksjon, ville det vere eit svært risikabelt prosjekt. For det første var det i utgangspunktet risikabelt med ein redningsaksjon, dette ville sjølvstapt også gjelde om ein skulle freiste eit nytt forsøk. For det andre ville kidnapparane vere klar over at Carter-administrasjonen såg på ein redningsaksjon som eit alternativ, og dermed mest truleg betre vakthaldet. For det tredje vart gislane spreidd utover i ulike iranske byar, og for det fjerde vart nettene kortare fram mot sommaren, det ville vere vanskelegare å få tid til å halde seg skjult.

Likevel var det rom for å vurdere nye aksjonar, men dette vart knapt nok gjort. 26. april fekk Brzezinski beskjed om å starte planlegginga av ein ny redningsaksjon. Denne skulle vere enklare og meir direkte enn den førre. Ei stor gruppe soldatar skulle flygast rett inn i Teheran. Ein slik operasjon ville vore enklare å oppdage, men også hatt færre element som kunne mislukkast, og slik sett enklare å føresjå utfallet. Denne aksjonen vart aldri sett i gong, og det er ingen spor i kjeldematerialet til at den i det heile vart vurdert etter den 26. april.<sup>138</sup>

Sjølv om det ser ut som Carter-administrasjonen ikkje vurderte nye aksjonar, vart det frå militær side gjort ein heil del planleggingar. Mellom anna vart det gjort fleire forsøk på å løyse dei logistiske utfordringane. Det vart lagt ned store ressursar, men resultatane var dårlege. Difor ville ein eventuell ny aksjon truleg vore relativt lik Operation Eagle Claw, og hatt mange av dei same utfordringane.<sup>139</sup>

Det er klart at redningsaksjonen var eit risikoprojekt. Det ville også ein eventuell ny aksjon vere. Likevel må eg spørje kvifor var det greitt med risiko i april, men ikkje ved seinare høve? Dersom Operation Eagle Claw vart sett i gong av omsyn til gislane, trass i at det var svært risikabelt, må det ha vore fordi det også vart vurdert som svært risikabelt å ikkje gjere noko. Då ville det mest truleg framleis kunne forsvarast å gjere eit svært risikabelt forsøk. Carter frykta at den mislukka aksjonen førte til dårlegare kår for gislane, i så fall ville det vere rimeleg

---

<sup>138</sup> Brzezinski, *Power and Principle*, 499.

<sup>139</sup> Jerry L. Thigpen, *The Praetorian STARShip: The Untold Story of the Combat Talon* (Maxwell Air Force Base: Air University Press, 2001), 235-250.

å akseptere større risiko.<sup>140</sup> Her er det sjølvstøtt spørsmål om kor mykje høgare risiko ein kan akseptere. Det som er interessant er at dette ikkje vart vurdert. Dersom litt høgare risiko gjorde aksjonen så risikabel at ein ikkje ein gong kunne vurdere den, må den også ha vore svært farleg i utgangspunktet.

Vidare er det klart at gisseltakarane etter 24.april forstod at ein redningsaksjon var eit reelt alternativ for Carter-administrasjonen. Dette førte naturleg nok til eit styrken vakthald, og slik gjort ein redningsaksjon vanskelegare. Likevel er det eit spørsmål om dette har påverka situasjonen nemneverdig. Det var vakthald ved ambassaden også før redningsaksjonen, Carter var klar over at han måtte bruke makt for å kome forbi desse. Dersom vakthaldet vart auka, ville nok tapstala ved ein eventuell ny aksjon vorte noko høgare. Ein kan likevel ikkje vente at motstanden frå desse sivile okkupantane skulle vere for stor for amerikanske spesialstyrker.

Dei militante ambassadeokkupantane reagerte på den mislukka aksjonen med å spreie gislane utover Iran.<sup>141</sup> Då vart det vanskelegare og langt meir komplekst å kunne få til ein vellukka redningsaksjon. For det første kjende ikkje Carter-administrasjonen til den nøyaktige plasseringa av alle gislane.<sup>142</sup> For det andre var det vanskelegare å gjennomføre aksjonar på mange ulike stader på same tid. Med tanke på tryggleiken til eventuelle attverande gissel, ville det vere ønskeleg å få frigjort alle på same tid. Slik sett er det forståeleg at ein aksjon vart vurdert som vanskelegare etter spreininga av gislane.

Likevel kan ein undre seg over at Carter ikkje såg mogelegheitene som låg i at gislane vart spreidde. Når gislane vart fordelte utover Iran, må naturleg nok også vaktene ha vorte det. Dette kan ha redusert noko av problemet med den auka beredskapen ein kunne vente at dei militante hadde. Då ville det vere lettare for ei redningsgruppe å overmanne vaktene fort, før dei rakk å drepe gissel eller kontakte andre militante.

Dessutan hadde ikkje Carter trengt å fri alle gislane på same tid. Det er sant at det ville vere ein fordel å få frigjort alle. Dei militante hadde kome med trugslar om å avrette gislane etter redningsaksjonen. Likevel går Carter, om enn motvillig, med på ein diplomatisk plan som ville føre til at gislane vart frigjort i grupper. Dette ville utsett dei attverande gislane for risiko. Då kunne ein brukt same argumentet for ein redningsaksjon; det var viktig å få frigjort gissel,

---

<sup>140</sup>Memorandum Gary Sick til Brzezinski, 30.oktober 1980, DHMZBCGF, Iran-Meetings (on, 3/18/80-10/30/80), boks 12 JCL; Carter, *Keeping Faith*, 524-5.

<sup>141</sup> Memorandum Gary Sick til Brzezinski, 30.oktober 1980, DHMZBCGF, Iran-Meetings (on, 3/18/80-10/30/80), boks 12 JCL.

<sup>142</sup> Memorandum Saunders til Muskie, Christopher og Newsom, 31.mai 1980, NLC-128-2-2-18-6.



trass i at det auka risikoen for andre gissel. Det er også interessant å spørje kor reelle desse trugslane var? Dei militante kom gjentekne gongar med trugslar mot gislane, både om rettssaker og avretting, men gjennomførte dei ikkje. Derimot slapp dei fri gissel som hadde vorte sjuke. Gislane var tydelegvis mest verdt for dei militante i live. Då er det langt frå sikkert at frigjeving av somme gissel hadde ført til avrettingar av dei attverande.<sup>143</sup>

Kortare netter gjorde det vanskelegare å få til ein hemmeleg aksjon. På møtet 11.april vart det eit argumentert for at ein hadde dårleg tid. Dersom ein skulle gjennomføre ein aksjon lik Operation Eagle Claw er dette argumentet greitt. Då ville det vere vanskeleg å gjennomføre aksjonen i mai, juni og juli. I midten av august er derimot nettene like lange som i slutten av april, og likevel freista ikkje Carter ein ny aksjon. Vidare kunne ein gjennomført andre aksjonar. I og med at gislane vart flytta rundt om i Iran, ville sjølvstakt aksjonane vorte ulike på andre stader. Då kunne ein fått til aksjonar med kortare transportetappar.

## 5.2 Ingen militær maktbruk

Heilt fram til 23. april vurderte Carter å kombinere redningsaksjonen med bruk av militærmakt. Her vart det vurdert fleire alternativ, å minelegge iranske hamner, å okkupere Kharkøya<sup>144</sup>, og å ta iranske gissel, var dei mest diskuterte. Alle desse alternativa ville kunne gitt Carter sterkare forhandlingskort mot iranske styresmakter. Dei to første ville også kunne råke iransk økonomi hardt. På den måten kunne slik militær hindring av iransk eksport gjere noko av same nytten som sanksjonane. Det er overraskande at dette ikkje vart vurdert etter redningsaksjonen. Dette kan tyde på to ting, anten hadde Carter fått trua på forhandlingane, eller så hadde Carter allereie oppnådd det han ønskte med maktbruken. I og med at det første alternativet er urimeleg, er det andre mest sannsynleg.

Ei forklaring på at Carter ikkje vidare vurderte minelegging og okkupasjon av Kharkøya, er at effektane med desse tiltaka til ei viss grad var nådd med sanksjonane som EF sine utanriksministerar gjekk inn for 22.april, og vart innførde av EF og Japan 17.mai.<sup>145</sup> Likevel hadde Iran framleis eksport, og det ville ha hatt økonomisk effekt å stanse denne. Samtidig var det ein politisk kostnad å måtte be sine allierte om å boikotte ein viktig oljeeksportør som Iran. Denne kostnaden kunne vore unngått dersom USA unilateralt hindra iransk eksport. Carter

---

<sup>143</sup> Memorandum Saunders til Muskie, Christopher og Newsom, 31.mai 1980, NLC-128-2-2-18-6; Memorandum Gary Sick til Brzezinski, 30.oktober 1980, DHMZBCGF, Iran-Meetings (on, 3/18/80-10/30/80) boks 12 JCL.

<sup>144</sup> Kharkøya er ei lita øy i Persiabukta, herifrå vert store delar av iransk olje eksportert.

<sup>145</sup> Foreign affairs and congressional research service library of congress, *The Iran Hostage Crisis*. 186-187.

hadde altså framleis gode grunnar, sett frå perspektivet om økonomisk press, til å bruke militære verkemiddel.

Då er det underleg at det ikkje finnest teikn til at Carter vurderte å bruke militære verkemiddel etter redningsaksjonen. Dette kan ha vore fordi Carter hadde tru på ei relativt snarleg løysing eller at gislane vart mindre viktige for Carter, då han hadde vist handlekraft og starta med å drive valkamp, dette vert diskutert lengre nede. Ei anna forklaring er at teikna på at Carter vurderte å bruke militærmakt er skjult. Mykje av kjeldematerialet i arkivet er framleis hemmelegstempla. Difor er det memoarlitteraturen som er dei viktigaste kjeldene. Totalt sett teiknar den eit bilete av at Carter hadde gjort alt som kunne gjerast utan å måtte kompromisse med hans humanitære ideal om å ikkje la gisselkrisa gå ut over sivile iranarar, og utan å heve spenningsnivået i regionen. Vidare vert det fokusert på at det var vanskeleg å samarbeide med iranske styresmakter, og at det kom mange brotne lovnader. Til og med Brzezinski, som var den sterkaste talsmannen for maktbruk i perioden fram mot redningsaksjonen, lovprisar Carter for at han ikkje fell for freistinga å bruke makt før presidentvalet. Han konkluderer med at «Jimmy Carter succeeded in preserving both lives and our national interest».<sup>146</sup> Sjølv om dette ikkje er meir positivt enn kva ein kan forvente av Brzezinski, som ein lojal medarbeidar, er det strengt tatt sant. Slik er det med på å teikne eit fordelaktig bilete av Carter-administrasjonen og legg samtidig til rette for Gary Sick sin spekulative *The October Surprise*, der han skuldar Reagan for å love Khomeini våpensal om han utsett frigjevinga av gislane til etter presidentvalet. Dersom Reagan motarbeidde frigjevinga, måtte Carter ha tydd til middel det er vanskeleg å forsvare for å få frigjort gisla.<sup>147</sup>

### **5.3 Irak-Iran krigen som løysing på gisselkrisa**

22. september 1980 invaderte irakiske styrkar Iran. Dette vart starten på ein åtte år lang, og svært blodig krig.<sup>148</sup> Det hadde lenge vore grensetvistar mellom Iran og Irak om provinsen Khuzestan. Området var svært oljerikt og hadde både arabisk- og persisktalande befolkning. Gjennom ei avtale i 1975 vart grensa fastsett, men Saddam Hussein var aldri nøgd med denne.

---

<sup>146</sup> Brzezinski, *Power and Principle*, 509.

<sup>147</sup> Gary Sick, *The October Surprise* (London: I.B.Tauris & co. LTD Publishers, 1991).

<sup>148</sup> Krigen er kjend som den første Golfkrigen og som Irak-Iran krigen, og er ein av dei blodigaste konfliktane etter den andre verdskrigen.

Han nytta høvet, når Iran no var svekt gjennom revolusjonen og av internasjonale sanksjonar, til å angripe for å få grensene etter eige ønskje.<sup>149</sup>

Det er indisium på at USA oppmoda Irak til dette åtaket. For det første har Alexander Haig hevda at han kan dokumentere denne samanhengen. For det andre diskuterte administrasjonen ein krig, som ei mogleg løysing på gisselkrisa og ein måte å verte kvitt Khomeini regimet, gjennom heile 1980.<sup>150</sup> For det tredje har både Irakiske og Iranske myndigheiter bekrefta at USA arbeidde for å få til denne krigen. Saddam Hussein har hevda at han møtte CIA-agentar for å diskutere dette allereie i 1979, før gislane vart tekne.<sup>151</sup> Dessutan var krigen på mange måtar nyttig for USA, og Carter-administrasjonen er både klar over at den var nyttig, og rask til å utnytte dei nye sjansane. Sjølv om det ikkje er noko prov for at Carter støtta den Irakiske invasjonen, er det svært mistenkeleg når invasjonen først vart diskutert som ei mogleg løysing og så fungerer som ønska.

14. oktober var Hosni Mubarak<sup>152</sup> klar overfor Carter på at krigen var positiv både for USA og Egypt, utan at Carter sa imot dette.<sup>153</sup> Det tyder på at Carter kan ha vore meir positiv til krigen enn han offisielt ga uttrykk for. Likevel er det stor avstand mellom frå det å vurdere om noko er tenleg til å ønske at noko skjer, og enda lenger til å få det til å skje. Det er ikkje slik at Carter-administrasjonen er ansvarleg for krigen sjølv om dei ønskte den, slik den positive utsegna frå Egypt tyder på.

Både Walter Mondale, Gary Sick og Zbigniew Brzezinski har gått ut og nekta for ein kvar samanheng mellom Carter-administrasjonen og krigsutbrotet, og ein må gi dei rett i at slike koplingar er spekulative. Grunnlaget for Haig sine skuldingar er samtaler Haig hadde med saudiarabiske leiarar medan han var utanriksminister. Her kom det fram at Carter-administrasjonen hadde gitt Irak klarsignal til å angripe Iran. Problemet er, som Mondale seier, at korkje Haig eller saudiarabarane hadde førstehandskjennskap til korrespondansen mellom Washington og Bagdad. Då må eg spørje om Haig har hatt nokon grunn til å sette fram ei løgn om dette. Det kan han ha hatt. For Haig som republikanar var det alltid ønskeleg å sette

---

<sup>149</sup> Pollack, *The Persian Puzzle*, 182-6; Keddie, *Modern Iran*, 251.

<sup>150</sup> Draft, *The Hostage Situation*, ukjend forfattar 9 januar 1980 NSA Country files, Iran (2)1/1-10/80 boks 30 JCL; Mondale, *The Good Fight*, 255-256.

<sup>151</sup> Abol Hassan Bani-Sadr *My Turn to Speak: Iran, the Revolution & Secret Deals with the U.S.*, oversett av William Ford (Washington: Brassey's (US), INC., 1991),30; Intervju med Saïd K. Aburish, PBS, henta 30.april 2015 frå <http://www.pbs.org/wgbh/pages/frontline/shows/saddam/interviews/aburish.html>. Aburish har jobba tett på Saddam Hussein, og har skrive ein biografi om han.

<sup>152</sup> Mubarak var egyptisk visepresident under Anwar Sadat.

<sup>153</sup> Carter, *The White House Diary*, 472.

demokratane i eit dårleg lys, men som amerikansk utanriksminister var det ikkje nødvendigvis fornuftig å legge delar av skulda for ei alvorleg pågåande konflikt på USA.<sup>154</sup>

Sick og Brzezinski argumenter ikkje for kvifor USA ikkje stod bak krigen, men seier berre at påstandane er usanne. Sick hevdar at han var saman med Brzezinski når krigen braut ut, og at Brzezinski vart overraska når han fekk høyre om krigen. I og med at også Sick truleg ville visst det dersom USA stod bak krigen, er ikkje frikjenninga hans av Brzezinski særleg verdifull. Då er det eit betre argument at Brzezinski sjølv truleg ville teke æra for det viss han stod bak krigen, slik Kenneth Pollack hevdar. Det er kanskje sant at Brzezinski gjerne ville hatt lyst til å ta den æra, men det er likevel klart at det ville ha vore alvorleg for heile bilete av Carter-administrasjonen om Brzezinski gjorde det. Difor er det langt frå sikkert at Brzezinski ville teke æra sjølv om han stod bak krigen.<sup>155</sup>

Då er det nyttig å sjå på kor vidt denne krigen kunne vere nyttig for USA. Sjølv om ein kan tenkje seg at Carter-administrasjonen gjennom lovnader til regimet i Bagdad kan ha oppmoda til krig, er det diskutabelt om det var ein produktiv politikk for Carter. Ein krig kunne ha påverka Khomeini-regimet til å ville frigi gislane, men dei negative sidene ved ein krig ville også vere store. Som nemnt tidlegare var stabilitet i Midtausten vitalt for USA. Særleg viktig var det å sikre oljeeksporten, men det var også sentralt å ikkje opne opp for sovjetisk ekspansjon. Ein krig er ikkje stabil. Den ville etter alt å døme gå ut over oljeeksporten. Dette var også Carter-administrasjonen overtydd om. Ein krig ville også til ei viss grad gjere det mogleg for Sovjet å ekspandere sørover, anten gjennom direkte invasjon eller gjennom stønad til eventuelle nye regime anten i Bagdad, Teheran eller til opprørsgrupper, til dømes i Kurdistan, sjølv om Carter-doktrinen var med på å gjere det usannsynleg.<sup>156</sup>

Samtidig var det store moglegheiter for USA knytt til krigen. Både Iran, Irak og andre land i regionen rundt Persiabukta vart meir avhengige av USA. Krigen ga slik eit viktig rom for å auke amerikansk nærvær i området. Dette var geostrategisk viktig etter revolusjonen i Iran. 3. oktober skreiv Brzezinski til Carter:

The threat to the security of the Gulf gives us a unique opportunity to consolidate our security position in a manner which even a few weeks ago would have been impossible. The Saudis and the other Gulf states are much more inclined to seek

---

<sup>154</sup> Mondale *The Good Fight*, 255-256.

<sup>155</sup> Pollack, *The Persian Puzzle*, 466; Gary Sick, *The October Surprise* (London: I.B.Tauris & co. LTD Publishers, 1991), 106-7.

<sup>156</sup> Mondale *The Good Fight*, 256; Carter, *The White House Diary*, 467.

U.S. military presence since they have become very anxious about their longer term security.<sup>157</sup>

Brzezinski såg også sjansane for å betre kontakta med Iran. Det var viktig for Brzezinski å verne Iran både mot indre oppløysing og Sovjetisk invasjon.<sup>158</sup> Carter-administrasjonen var altså raskt ute med å sjå desse mogelegheitene.

Det er også tydeleg at det vart viktigare for Khomeini å få løyst gisselkrisa. Med det irakiske angrepet i Khuzestan vart iransk oljeeksport hardt råka, og Iran fekk økonomiske vanskar. Dette gjorde sjølvst at det vart meir alvorleg for Iran med dei økonomiske sanksjonane. Dette var også tydeleg for Carter-administrasjonen. «It is also clear that by the end of 1980, in part because of the drain on resources caused by the war with Iraq, Iran was beginning to feel adverse effects from the sanctions.»<sup>159</sup> Samtidig vart det viktigare for Iran å få tak i militært utstyr frå USA. Heile det iranske forsvaret var basert på amerikanske våpen, og det vart essensielt for Iran å få reservedelar etter at krigen braut ut. Dette var Christopher, som no leia forhandlingane klar over, og han brukte det som eit pressmiddel.<sup>160</sup>

Vidare vart paradoksalt nok gislane mindre nyttige for Khomeini etter krigsutbrotet. Gislane hadde ein samlande funksjon i Iran, og hadde i stor grad vore med på legitimere og aktualisere Khomeini sin kraftige anti-USA retorikk. På den måten hadde USA, som «the great Satan», vore ein samlande ytre fiende i Iran. Med den irakiske invasjonen forsvann dette behovet. Då har Khomeini fått ein ny tydeleg ytre fiende. Dette verkar konsoliderande i Iran, det ser ein tydeleg av at korkje arabarane i Khuzestan eller andre politiske eller etniske minoritetar i utstrakt grad nytta høvet til å gjere opprør under krigen.<sup>161</sup> Då trengte ikkje Khomeini lenger gislane.

Likevel er det tre viktige grunnar til å tru at Carter-administrasjonen ikkje gav klarsignal til Irak. Alle er diskutabile. For det første er det svært tynt kjeldegrunnlag for å hevde samanhengen. Dette er ikkje rart, sjølvst vil dokument som dokumenterer noko slikt vere hemmelegstempla. Likevel må ein som historikar ta omsyn til kjeldene, ein treng sterke indisierrekke for å vege opp mot manglande kjelder.

---

<sup>157</sup> Memorandum Brzezinski til Carter 3.oktober 1980, NLC-128-10-4-9-5.

<sup>158</sup> Petersen *Anglo-American Policy toward the Persian Gulf, 1978-1985*, 118.

<sup>159</sup> Robert Carswell og Richard J. Davis «Crafting the Financial Settlement,» i *American Hostages in Iran*, red. Christopher, 251. Carswell var visefinansminister og Davis assistent i finansdepartementet. Saman hadde dei ansvaret for dei amerikanske sanksjonane mot Iran.

<sup>160</sup> Gary Sick «Military Options and Constrains» i *American Hostages in Iran*, red. Christopher, 165-67.

<sup>161</sup> Keddie, *Modern Iran*, 251.

For det andre er dette eit alvorleg brot med det humanitære biletet av Carter vi kjenner. Dette biletet er derimot allereie moderert både gjennom denne oppgåva og fleire andre nyare verk. Det er relativt stor semje om at Carter sin politikk vart mindre idealistisk gjennom presidentperioden.

For det tredje ville krigen gå ut over oljeeksporten både i Iran og Irak, dette ville vere problematisk for vestleg økonomi generelt, og særleg problematisk for Carter like før presidentvalet. Redusert eksport frå Iran og Irak ville føre til auka oljepris og dermed auka inflasjon i USA. Kampen mot inflasjonen var viktig for Carter sine sjansar til å verte attvald, og Carter var uroa for dette.<sup>162</sup> Då må Carter ha nedprioritert oljeeksporten for å få sett i gong krigen. Det kan han ha gjort. Utifrå eit valkamperspektiv kan det forsvarast. Det var vanskeleg for Carter å vinne kampen mot inflasjonen, då ville han heller satse på at krigen førte til at gislane vart frigjort og at han vann oppslutting på den måten.<sup>163</sup>

#### **5.4 Carter si tru på dei hemmelege forhandlingane**

På same måte som før redningsaksjonen kan Carter sine manglande handlingar forklarast med at han kan ha hatt tru på forhandlingane. På mange måtar hadde Carter også grunn til å ha tru på desse forhandlingane. Gisselkrisa vart løyst med diplomati. Likevel er det grunn til å vere kritisk til Carter her. Det tok svært langt tid, også etter redningsaksjonen, før gislane vart frigjort. Redningsforsøket var den 173. dagen etter at gislane vart tekne, dei vart frigjort etter 444 dagar.

Sjølv om krisa vart løyst diplomatisk er det god grunn til å spørje om Carter eigentleg hadde trua på at diplomatiet ville føre fram. Det er ingenting som tyder på at forhandlingsposisjonen vart betre etter den mislukka redningsaksjonen. Derimot sa president Bani-Sadr 27.april at det no var nærmast umogeleg med ei løysing.<sup>164</sup> Då er det vanskeleg å tenkje at Carter skal ha hatt stor tru på ei snarleg diplomatisk løysing. Brzezinski er også klar på at det ikkje var noko håp om snarleg diplomatiske løysningar etter redningsaksjonen. «Carter was painfully aware that this meant that the hostage crisis would drag on into the fall elections».<sup>165</sup> Då ser det ut som om Carter nærmast hadde gitt opp å få frigjort gislane.

---

<sup>162</sup> Carter, *Keeping Faith*, 526.

<sup>163</sup> Carter såg sjølv på gisselkrisa som den viktigaste grunnen til at han tapte valet. Sjå Carter, *The White House Diary*, 475-80.

<sup>164</sup> FBIS 91 27.april1980 NSA President Daily CIA Briefing Files 4/24/80-4/30/80 JCL.

<sup>165</sup> Brzezinski, *Power and Principle*, 500.

Likevel var det framleis rom for håp om diplomatisk progresjon. Allereie 17.mai kom det nye meldingar om at styresmaktene i Iran var interesserte i å få løyst gisselkrise. Då opplyste ayatolla Beheshti, leiaren for det islamske republikanske partiet, at gislane ville verte sak nummer to når parlamentet samlast. Parlamentet skulle truleg samlast om omlag seks veker, då ville gisselkrise verte diskutert i slutten av juni. Sjølv om dette var langt mindre positive beskjedar enn kva Carter-administrasjonen hadde fått tidlegare frå iranske styresmakter, var det eit tydeleg teikn på at det var ein viss vilje til løysing av krise også i Iran.<sup>166</sup>

Utsegna til Beheshti var på mange måtar i tråd med iranske utsegner før redningsaksjonen. Det var ingen konkrete lovnadar, men det ga likevel rom for håp om diplomatiske løysingar i framtida. Likeeins var den amerikanske reaksjonen i tråd med det ein kunne sjå før aksjonen vart vedteken. Det er vanskeleg å sjå konkrete løysingar, og erfaringa viser at det var ingen grunn til å stole på iranske lovnader. Likevel var det eit lite håp om at ein kan få ein framtidig progresjon, og dette håpet valde Carter å satse på. Dette må forståast som ei nedprioritering av gislane.

## 5.5 Stabiliteten i Midtausten

Som det vart vist i kapittel tre, var Carter-administrasjonen svært oppteken av å oppretthalde status quo i Midtausten. Sjølv om Carter var misfornøgd med situasjonen i Iran var alternativa verre. Militære aksjonar mot Iran kunne både føre til Sovjetiske invasjon av Iran, og til at opprørarar nytta sjansen om Khomeini-regimet vart svekt. Ingen av desse alternativa var ønskelege, dette har difor vore med på å hindre Carter frå å bruke militærmakt.

Det var frykt i Carter-administrasjonen for at amerikansk militær handling i Iran kunne føre til sovjetisk invasjon i Nord-Iran.<sup>167</sup> På same måte som før redningsaksjonen kan ein også etter aksjonen forstå Carter sine manglande handlingar ut i frå eit kald krig-perspektiv. Det ville vere ein enorm fordel for Sovjetunionen å kontrollere Iran, både økonomisk og strategisk. Sovjetunionen hadde altså sterke incentiv til å freiste å få kontroll over Iran. Då var det viktig å unngå situasjonar som kunne føre til sovjetisk aggresjon.

Alt som ville føre til eit meir ustabil Iran ville auke sannsynet for sovjetisk intervensjon. CIA la 21.august fram ein rapport som hevda at Sovjet ville invadere Iran, dersom

---

<sup>166</sup> Memorandum 17.mai 1980 NLC-16-95-4-17-8.

<sup>167</sup> Sjølv om det var svært usannsynleg med ein sovjetisk invasjon, har dette vore med å prega Carter. Sjå Emery, *US Foreign Policy and the Iranian Revolution*, 191

dei trudde dei kunne gjere det utan å møte for mykje motstand. Dette kunne anten skje om det vart eit nytt regime i Iran som ønskte sovjetisk stønad, eller om ein kunne vinne ein rask kamp utan nemneverdig iransk motstand. Dette kunne for eksempel vere ved eit fragmentert Iran, eit anna alternativ var dersom Sovjet frykta at USA ville sende tropper til Iran. Då kunne Sovjet invadere raskt, og slik sett håpe på å få kontroll over områder før det kom amerikanske tropper til Iran.<sup>168</sup>

Då var det rimeleg å vere forsiktig med handlingar som kunne destabilisere Iran. Ein vellukka redningsaksjon ville kanskje ikkje ha noko stor negativ effekt på stabiliteten. Derimot er det lett å tenkje seg at det kunne skape reaksjon i Iran med ein delvis vellukka aksjon, ein aksjon med høge tapstal kunne naturleg nok tolkast som eit angrep. Operation Eagle Claw var ein aksjon designa for å ha minst mogeleg militære trefningar. Likevel rekna ein med ein heil del tap på iransk side. Den eventuelle nye aksjonen skulle vere enklare, lettare å oppdage, og med mindre som kunne gå gale.<sup>169</sup> Her ville etter alt å døme dei amerikanske styrkane møte motstand. Det ville vorte store iranske tap. Dette kunne verke destabiliserande på Khomeini-regimet.

Det var ein viss sjanse for at ein ny redningsaksjon ville ført til sovjetisk invasjon. CIA vurderte ikkje det som den mest sannsynlege sovjetiske reaksjonen, men som ein potensiell. Sjølv ein liten sjanse for sovjetisk invasjon er ein grunn til å unngå redningsaksjonen.<sup>170</sup> Likevel må ein spørje om det var grunnlag for frykta? Etter Carter-doktrinen ville det vere svært oppsiktsvekkande om Sovjetunionen tok sjansen på å invadere Iran. Når ein ser på kor stor risiko Carter var villig til å ta med redningsaksjonen, er det lite truleg at noko så usannsynleg som ein sovjetisk invasjon av Iran kan ha styrt politikken hans, sjølv om det kan ha spelt ei lita rolle.

Omsynet til stabiliteten i området forklarar betre kvifor Carter-administrasjonen ikkje freista andre militære verkemiddel. Både okkupasjon av Kharkøya og minelegging av iranske hamner kunne lett, og rimeleg, oppfattast som angrep på Iran. Dette ville då kunne føre til at

---

<sup>168</sup> Director of Central Intelligence «Soviet Military Options in Iran» 21.august 1980, henta 9.mars 2015 frå [http://www.foia.cia.gov/sites/default/files/document\\_conversions/89801/DOC\\_0000681970.pdf](http://www.foia.cia.gov/sites/default/files/document_conversions/89801/DOC_0000681970.pdf).

<sup>169</sup> Brzezinski, *Power and Principle*, 499.

<sup>170</sup> Director of Central Intelligence «Soviet Military Options in Iran» 21.august 1980, henta 9. mars 2015 frå [http://www.foia.cia.gov/sites/default/files/document\\_conversions/89801/DOC\\_0000681970.pdf](http://www.foia.cia.gov/sites/default/files/document_conversions/89801/DOC_0000681970.pdf).



ulike opprørsgrupper greip til våpen når regimet var i krise, og trass i at det var usannsynleg, til at Sovjetunionen invaderte i Iran.<sup>171</sup>

## 5.6 Gislane mista verdi for Carter

Etter redningsaksjonen vart gislane mindre viktige for Carter. Trass i at ein kan forstå at Carter var skeptisk til å bruke makt for å frigi gislane, er det relativt tydeleg at gisselkrisa vart mindre viktig for han etter redningsaksjonen. Det vart gjort lite for å betre gisselsituasjonen etter redningsaksjonen. Då må ein spørje kvifor Carter ikkje engasjerer seg meir? Den beste forklaringa er at gislane ikkje var viktige for han.

Etter redningsaksjonen syntte Carter lite uro for gislane. 4. desember 1979 sa Carter at han var så uroleg for gislane, at han ikkje kunne forlate Det kvite hus. Carter søkte gjennom heile krisa å virke genuint uroleg for situasjonen til gislane. Likevel nemnte han gisselkrisa berre ein gong i dagboka si mellom gisselaksjonen og presidentvalet. Då var ikkje fokuset på at han var uroleg. Han berre påpeika at eit gissel har vorte sett fri på grunn av sjukdom, og at Carter har treft han. Sjølv om det frigjorte gisselet påpeika at det var dårlege kår for dei andre gislane, sa Carter ingenting om at han var uroleg. Carter kan sjølv sagt ha vore uroleg utan å skrive det i dagboka si, men når det ikkje vart nemnt i ei så lang periode, kan det neppe ha vore ei særleg framståande kjensle hjå Carter.<sup>172</sup>

«The rescue attempt has, I believe, made it less likely that you will be criticized for not taking further military action to try to free the hostages. [...] We will not act in irresponsible ways.»<sup>173</sup> I juli var Carter klar over at aksjonen syntte at han hadde brukt alle fornuftige middel. Då slapp han å gjere liknande risikable aksjonar seinare. Samtidig er det klart at denne legitimeringa av passivitet redningsaksjonen førte til, kan ha vore planlagt av Carter.

Carter byrja å drive valkamp etter redningsaksjonen. Fram til 24.april hadde han gitt ansvaret for kampanjen til medarbeidarane sine og førstedama. Offisielt sett hadde han vore for oppteken av situasjonen til gislane, til å kunne bruke tida si på valkampen. Etter aksjonen kunne plutsleg Carter drive valkamp. Då er det rimeleg å tru at motivasjonen til Carter var å gjere eit

---

<sup>171</sup> Director of Central Intelligence «Soviet Military Options in Iran» 21.august 1980, henta 9. mars 2015 frå [http://www.foia.cia.gov/sites/default/files/document\\_conversions/89801/DOC\\_0000681970.pdf](http://www.foia.cia.gov/sites/default/files/document_conversions/89801/DOC_0000681970.pdf)

<sup>172</sup> Carter, *The White House Diary*.

<sup>173</sup> Saunders til Carter 30 juli.1980 NLC-132-81-4-1-0.

forsøk slik at han kunne legitimere å drive valkamp. Dersom alt var prøvd, kunne Carter trygt bruke tid på andre saker enn gislane.

Carter si forklaring på kvifor han kunne drive valkamp etter redningsaksjonen er også problematisk. Hovudargumentet hans var at han måtte ut for å kjempe for ei betre økonomisk framtid for USA; det var store økonomiske utfordringar. Grunnen til at han no fekk tid til å drive valkamp var nettopp at han i stor grad har betra økonomien.<sup>174</sup> Det andre argumentet hans var at han hadde fått med dei allierte på sanksjonar mot Iran. Dersom han hadde trua på desse ville fungere, var redningsaksjonen meningslaus.<sup>175</sup>

Viseutariksminister Warren Christopher tok over ansvaret for forhandlingane etter redningsforsøket. Carter engasjerte seg såleis mindre direkte i saken, og kunne fokusere i større grad på andre gjeremål. Bruken av presidentens tid er ein indikasjon på kor viktig ein sak er. Fram mot redningsaksjonen brukte Carter mykje tid på gislane, men etter aksjonen vart dette nedprioritert. Slik sett er det klart at gislane vart mindre viktige for Carter.

Likevel er det ikkje sikkert at å nedprioritere gislane er å gi dei mindre verdi, eller å bry seg mindre. Då Cyrus Vance reagerte på at Carter ville gjere eit forsøk med ein redningsaksjon, argumenterte han for at den sikraste måten å få frigjort gislane på, var å vente til dei hadde mista sin funksjon for Khomeini. Hovudfunksjonen for Khomeini var å audmjuke USA.<sup>176</sup> Det er openbert at denne audmjukinga vart større dess tydelegare problem situasjonen var for den amerikanske presidenten. Khomeini hadde naturleg nok ikkje full kontroll på kven som diskuterte kva i Washington. Likevel var det merkbart, også i Iran, kven som leia forhandlingane. Då Carter starta å drive valkamp var det også eit tydeleg teikn på ei endring av fokus i Det kvite hus. Carter si prioritering av valkampen framfor gislane kan altså ha vore nyttig for å frigi gislane.

Carter nedprioriterte gislane for å vinne valet. Då Carter starta å drive valkamp var det ein måte å seie at problema som har fått han til å halde seg i Det kvite hus, no vart handtert så godt at han kunne gjere andre ting. Sjølv forklarte han at no var ein redningsaksjon forsøkt, og USA hadde fått sterkare alliert støtte mot Iran. Samtidig var sanksjonane mot Sovjet fastsette og det hadde vorte sett i verk gode anti-inflasjonstiltak. «None of these challenges are

---

<sup>174</sup> Korleis hans valkamp betrar den økonomiske framtida til USA er usikkert, men det er rimeleg å tolke det som at han meiner at det er viktig for amerikansk økonomi at han vann valet.

<sup>175</sup> Draft 30.april 1980. DHM Jody Powell, Subject Files, Briefing Notes 4/80[2] boks 9 JCL; Draft utan dato, DHM Jody Powell, Subject Files, Briefing Notes 4/80[2] boks 9 JCL.

<sup>176</sup> Vance, *Hard Choices*, 408- 409.

completely overcome, but I believe they are manageable enough for me to leave the White House for a limited travel Schedule.»<sup>177</sup> Dette var ein måte for Carter å seie at han framleis tar desse sakene seriøst, men at det likevel var rom for å drive valkamp. Sjølv om det kan forklarast ut i frå eit ønskje om å redusere verdien av å halde gislane fanga, var det først og fremst eit ønskje om å vinne valet som fekk Carter til å drive kampanjen sin.

---

<sup>177</sup> Jimmy Carter i White House briefing for community leaders 30. april 1980, sitert i Carter, *Keeping Faith*, 525.

## 6. Sluttvurderingar

20. januar 1981 klokka 08.28 fekk Carter melding om at flyet som skulle ta gislane ut av Iran hadde letta frå flyplassen i Teheran. Forhandlingane hadde ført fram, gislane var fri. To timar seinare kunne ein letta president ta i mot Ronald Reagan i Det kvite hus. Klokka 12.00 var presidentskapet til James Earl Carter Jr. over.<sup>178</sup>

Carter greidde til slutt å få frigjort gislane, difor må eg strengt tatt gi Brzezinski rett, Carter lukkast i å få frigjort gislane, og strengt tatt lukkast Carter i å ta vare på dei viktigaste amerikanske interessene i området rundt Persiabukta. Sovjetunionen fekk ikkje fotfeste der under Carter. Dette har lite med redningsaksjonen å gjere. Den var på ingen måte med på å betre forholda for forhandlingar eller sannsynet for å få frigjort gislane.

Sjansane for at aksjonen kunne verte ein suksess var svært små. Derimot var det sannsynleg at konsekvensane av ein aksjon ville vore fatale for gislane. Difor er det god grunn til å hevde at aksjonen aldri var meint å kome lenger enn til Desert One. Uavhengig av kor vidt Carter freista å få frigjort gislane med Operation Eagle Claw, vert den ståande som ei merkeleg avgjersle. Den kan vanskeleg forklarast utan å ta omsyn til valkampen, denne oppgåva syner at det var Carter sin hovudmotivasjon for å sette i gong aksjonen.

Gjennom heile gisselkrisa hadde Carter liten vilje til å prioritere gislane. I starten av krisa var dette ein svært forståeleg politikk. Carter hadde først god grunn til å tru at gislane kunne verte raskt frigjorde, og gjennom vinteren i det minste eit håp som var verdt å halde fast i. Samtidig er det klart at ein redningsaksjon var så risikabel at det var fornuftig å halde fast sjølv ved eit lite håp. Likevel er det heilt klart rom for å kritisere gisselpolitikken også dei første månadane. Carter pressa ikkje Khomeini hardt, trass i at Khomeini allereie i november synte at han vart påverka av trugslar. Derimot går Carter ut og nærmast garanterer for Iran sin tryggleik gjennom Carter-doktrinen. Då er det tydeleg at Carter nedprioriterer gislane til fordel for den geopolitiske situasjonen.

Likeeins nedprioriterte Carter gislane etter aksjonen. Å gi ansvaret for forhandlingane til viseutanriksminister Christopher, var strengt tatt å verdsette dei mindre. Sjølv om Carter kan ha vurdert Christopher som den som var best skikka til å leie arbeidet, er ein sak handtert av viseutanriksministeren mindre viktig enn ein sak presidenten handsamer. I og med at det ikkje var nokon grunn til å tru at gislane skulle verte raskt frigjevne etter aksjon, er det klart at å ikkje

---

<sup>178</sup> Carter, *The White House Diary*, 511-2.

vurdere andre løysingar på krisa på, er å akseptere at gislane ville vere fanga i lang tid. Likevel kan det ha vore den mest fornuftige politikken. Då gislane vart mindre viktige for Carter, vart dei også mindre viktige for Khomeini. Slik sett førte Carter ein gisselpolitikk som var i tråd med Vance sine ønskjer etter aksjonen. Sjølv om dette var problematisk både for Carter med tanke på valet og for gislane, sidan dei vart verande lenge i fangenskap.

Det er gode grunnar til å tru at Carter-administrasjonen støtta Saddam Hussein sin invasjon i Iran. Dette kan då forståast som eit brot med Carter sin gisselpolitikk. Det er urimeleg å seie at Carter nedprioriterte gislane dersom han starta ein krig for å få sett dei fri. Å få frigjort gislane var ein av grunnane til at Carter ønskte krigen, men det var ikkje den einaste. Det ser ut som hovudargumentet var å kunne styrke USA si rolle i regionen, særleg dersom det stemmer at kontakta med Saddam Hussein vart oppretta allereie før gislane vart tekne. Dette stemmer også godt overeins med Carter si aukande uro for den tryggingpolitiske situasjonen kring Persiabukta.

## **6.1 Epilog**

Sjølv om Carter lukkast i å få frigjort gislane, og å halde Sovjetunionen ute av områda kring Persiabukta, er det vanskeleg å kalle politikken suksessfull. Det er ingen tvil om at gisselsituasjonen var svært audmjukande for Carter og for USA generelt. Det er heller ingen tvil om at det stod vesentleg dårlegare til med amerikanske interesser i regionen ved slutten av Carters presidentperiode enn ved starten. I 1981 var det krig både mellom Irak og Iran, og i Afghanistan, stabiliteten var fråverande. Dette er problem USA har fått merkje i ettertid, men her har også vore mange moglegheiter til engasjement. Sjølv om eg på ingen måte vil gi Carter skulda for nokon av krigane USA har vore involvert i Irak og Afghanistan seinare, kan til ei viss grad problema her knytast til Carter-administrasjonens feilvurderingar. Det er eit paradoks at Carter-administrasjonen kalla Iran «an Island of Stability» like før revolusjonen, men hadde lita tru på at Khomeini-regimet ville overleve. I dag har USA framleis problem med leivningane av dette regimet, framleis er Iran ein paria på den internasjonale arenaen, sjølv om det i desse dagar vert forhandla om å heve sanksjonane mot landet.

På kort sikt lukkast Carter-administrasjonen med å knyte sterkare band til Irak, og å styrke sin posisjon kring Persiabukta. Utover 80-talet fekk Irak massiv støtte frå USA, og kan

ikkje lenger forståast som ein del av kommunistblokka.<sup>179</sup> Slik sett lukkast Carter sin politikk. Sovjetunionen fekk ikkje styrkt sin posisjon i Midtausten under Carter. Dei humanitære kostnadane var derimot store. Sjølv om det ikkje er noko grunnlag for å tru at korkje Carter- eller Reagan-administrasjonen ønskte den brutaliteten krigen mellom Iran og Irak medførte, er det klart at både administrasjonane ønskte krigen, og gjorde minimalt for hindre konsekvensane av den.

---

<sup>179</sup> Pollack, *The Persian Puzzle*, 206-7.



## **7. Kjeldeliste**

### **7.1 Arkivmateriale frå Jimmy Carter Library, Atlanta Georgia**

#### **7.1.1 President's Files**

##### **Plains files**

Boks 23:

Iran 6/75-12/79

Iran 1-3/80

Iran 4/80

Iran 5-9/80

Iran 10/80

Iran 11/80

Iran 1/22/81-10/81

Iran undated

Boks 25:

Iran report 1/81

Boks 26:

Iran update, 3/80

Iran update, 4/80

#### **7.1.2 Donated Historical Material Zbigniew Brzezinski Collection**

Subject Files (DHMZBCSF)

Boks 25:

Meetings-PRC 140,5/8/80

Boks 30:

Meetings- SCC 195,11/6/79



Meetings- SCC 196,11/7/79

Meetings-SCC 197,11/8/79

Meetings- SCC 200,11/13/79,

Boks 31:

Meetings- SCC 211, 11/27/79

Meetings-SCC 232, 12/18/79

Boks 32:

Meetings-SCC 284, 3/6/80

Meetings-SCC 291, 3/20/80

Meetings-SCC 293, 3/25/80

Geographic Files (DHMZBCGF)

Boks 12:

Iran-Meetings (on,3/18/80-10/30/80)

Boks 15:

Southwestasia/Persian Gulf (3/80)

Southwestasia/Persian Gulf (4/80)

### **Donated Historical Material, Papers of Jody Powell**

Subject Files

Boks 9:

Briefing Notes 1/80

Briefing Notes 2/80

Briefing Notes 3/80

Briefing Notes 4/80[1]

Briefing Notes 4/80[2]

### **Donated Historical Material, Papers of Walter Mondale**

Foreign Policy Breakfast, 1977-80 Foreign Policy/National Security Developments 1980,

Boks 1:

Foreign Policy Breakfast [1/80-6/80]

### **Hendrik Hertzberg Collection**

Speech File

Boks 13:

Hostage Rescue Attempt April 1980 [1]

Boks 14:

Hostage Rescue Attempt April 1980 [2]

### **7.1.3 Staff Office Files**

#### **National Security Adviser (NSA)**

##### President Daily Report Files

Boks 13:

11/1/79-11/10/79

Boks 14:

2/1/80-2/10/80

3/11/80-3/20/80

3/21/80-3/26/80

4/1/80-4/10/80

Boks 15:

4/11/80-4/20/80

4/21/80-4/30/80

##### President Daily CIA Briefing Files

Boks 26:

2/26/80-2/29/80

3/7/80-3/12/80

Boks 27:

4/5/80-4/10/80

4/11/80-4/16/80

4/24/80-4/30/80

##### Country Files

Boks 30:

Iran: 1/1-10/80

Iran: 11/17-20/79

Iran: 11/21-27/79

Iran 11/28/79-12/4/79

Iran (2)1/1-10/80

Boks 31:

Iran:3/80

Iran:4/1-18/80

Iran:4/19-30/80

Boks 33:

Iran: Update, 4/80

NSC Weekly Legislative Reports

Boks 2:

9- 12/79

1-5/80

Genral Odom File

Boks 11:

Chron: 4/21-30/80

Boks 27:

Iran, 4-8/80

Iran: damage assesment 5-6/80

Schecter/ Friendly (press) file

Boks 7:

Iran Hostages: Aborted Rescue: 4/21-27/80

**Chief of Staff**

Bernie Aronsen Subject Files

Boks 196 :

«Iran»

### **Congressional Liaison Office**

Congressional Liaison Evelyn Small Correspondence,

Boks 339:

Iran [1]

Iran- Further Actions/Frank Moore Letter, 4/8/80

[Iranian Hostage] Rescue Attempt

### **Counsel's Office**

Lloyd Cutler

Boks 92:

Iran-Memos to the President 11/79-6/80

Iran-Memos, General 11/79-6/80

### **Senior Advisor to the President: Hedley Donovan**

Boks 2:

Iran [CF, O/A 706]

## **7.2 Trykte primærkjelder**

Bani-Sadr, Abol Hassan. *My Turn to Speak: Iran, the Revolution & Secret Deals with the U.S.*. Oversett av William Ford. Washington: Brassey's (US), INC., 1991.

Beckwith, Colonel Charlie A.. *Delta Force: The Army's Elite Counterterrorist Unit*. New York: Avon Books, 2000[1983].

Brzezinski, Zbigniew. *Power and Principle: Memoirs of the National Security Adviser 1977-81*. London: Weidenfeld and Nicolson, 1983.

Carter, Jimmy. *The White House Diary*. New York: Farrar, Straus and Giroux, 2010.

Carter, Jimmy. *Keeping Faith: Memoirs of a President*. Toronto: Bantam Books, 1982.

Carter, Rosalynn *First Lady from Plains*. Boston: Houghton Mifflin Company, 1984.

- Foreign affairs and congressional research service library of congress. *The Iran hostage crisis: a Chronology of Daily Developments*. Washington: U.S. Government Printing Office, 1981.
- Jordan, Hamilton. *Crisis: the Last Year of the Carter Presidency*. New York: G.P. Putnam's sons 1982.
- Mondale, Walter F. *The Good Fight: A Life in Liberal Politics*. New York: Scribner, 2010.
- Powell, Jody. *The Other Side of the Story*. New York: William Morrow and Company, Inc., 1984.
- Sick, Gary. *All Fall Down: America's Tragic Encounter with Iran*. New York: Random House Inc., 1985.
- Vance, Cyrus. *Hard Choices: Critical Years in America's Foreign Policy*. New York: Simon and Schuster, 1983.

### **7.3 Bøker**

- Bill, James *The Eagle and the Lion: the Tragedy of American-Iranian relations*. New Haven: Yale University Press, 1988.
- Bourne, Peter G. *Jimmy Carter: A Comprehensive Biography from Plains to Post Presidency*. New York: Scribner, 1997.
- Bowden, Mark. *Guests of the Ayatollah: The First Battle in the West's War with Militant Islam*. London: Atlantic Books, 2006.
- Brown, Harold. *Thinking about National Security: Defence and Foreign Policy in a Dangerous World*. Boulder: Westview Press, 1983.
- Cleveland, William L. og Martin Bunton. *A History of the Modern Middle East*. Philadelphia: Westview Press, 2009.
- Dockrill, Saki. *Britain's Retreat from East of Suez: The Choice between Europe and the World? 1945-1968*. Houndmills: Palgrave Macmillan, 2002.
- Dumbrell, John *The Carter Presidency: A Re-Evaluation*. Manchester: Manchester University Press, 1995.
- Emery, Christian. *US Foreign Policy and the Iranian Revolution: the Cold War Dynamics of Engagement and Strategic Alliance*. London: Palgrave MacMillan, 2013.
- Farber, David. *Taken Hostage: The Iran Hostage Crisis and America's first Encounter with Radical Islam*. Princeton: Princeton University Press, 2005.
- Garthoff, Raymond L.. *Détente and Confrontation: American-Soviet Relations from Nixon to Reagan*. Washington D.C.: The Brookings Institution, 1994.

- Glad, Betty. *An Outsider in the White House: Jimmy Carter, his Advisors, and the Making of American Foreign Policy*. Ithaca: Cornell University Press 2009.
- Gule, Lars. *Islam og det Moderne*. Oslo: Abstakt Forlag, 2006.
- Hook, Steven W. og John Spanier. *American Foreign Policy Since World War II*. Washington DC: CQ Press, 2007.
- Houghton, David Patrick. *US Foreign Policy and the Iran Hostage Crisis*. New York: Cambridge University Press, 2001.
- Kaufman, Burton I. og Scott Kaufman. *The Presidency of James Earl Carter Jr.* Lawrence: Kansas University Press 2006.
- Kaufman, Scott. *Plans Unraveled: The Foreign Policy of the Carter Administration*. DeKalb: Northern Illinois University Press, 2008.
- Keddie, Nikki R.. *Modern Iran: Roots and Results of the Revolution*. New Haven: Yale University Press, 2003.
- Kjeldstadli, Knut. *Fortida er ikke hva den en gang var: En Innføring i Historiefaget*. Oslo: Universitetsforlaget 1999.
- Little, Douglas. *American Orientalism: The United States and the Middle East since 1945* Chapel Hill: The University of North Carolina Press, 2008.
- Moin, Baqer. *Khomeini: Life of the Ayatollah*. London: I.B. Tauris, 2009.
- Munslow, Alun. *The New History*. Harlow: Pearson, 2003.
- Njølstad, Olav. *Peacekeeper and Troublemaker: The Containment Policy of Jimmy Carter, 1977-1978*. Oslo: Institutt for Forsvarstudier, 1995.
- Paterson, Thomas G., J. Garry Clifford, Shane J. Maddock, Deborah Kisatsky og Kenneth J. Hagan. *American Foreign Relations: A History*. Boston: Wadsworth Cengage Learning, 2010.
- Petersen, Tore Tingvold. *Anglo-American Policy toward the Persian Gulf, 1978-1985: Power Influence and Restraint*. Brighton: Sussex Academic Press, 2015.
- Pollack, Kenneth M.. *The Persian Puzzle: the Conflict between Iran and America*. New York: Random House, 2004.
- Ruddy, T. Michael. *Jimmy Carter: Politician with Principles*. New York: Nova Science Publishers, Inc 2011.
- Ryan, Paul B.. *The Iranian Rescue Mission: Why It Failed*. Annapolis: Naval Institute Press, 1985.
- Salinger, Pierre. *America Held Hostage: The Secret Negotiations*. London: André Deutsch Limited, 1982.

- Schmitz, David F.. *The United States and Right-Wing Dictatorships, 1965-1989*. New York: Cambridge University Press, 2006.
- Smith, Gaddis. *Morality, Reason and Power: American Diplomacy in the Carter years*. New York: Hill and Wang, 1986.
- Sneh, Itai Nartzizenfeld. *The Future Almost Arrived: How Jimmy Carter failed to change U.S. foreign policy*. New York: Peter Lang, 2008.
- Stanley, Timothy. *Kennedy vs. Carter: The 1980 Battle for the Democratic Party's Soul*. Lawrence: University Press of Kansas, 2010.
- Strong Robert A.. *Working in the World: Jimmy Carter and the Making of American Foreign Policy*. Baton Rouge: Louisiana State University Press, 2000.
- Stuckey, Mary E.. *Jimmy Carter, Human Rights and the National Agenda*. College Station: Texas University Press, 2008.
- Thigpen, Jerry L. *The Praetorian STARShip: The Untold Story of the Combat Talon*. Maxwell Air Force Base: Air University Press, 2001.
- Thornton, Richard C. *The Carter Years: Toward a new Global Order*. New York: Paragon House, 1991.

#### **7.4 Artiklar**

- Carswell, Robert og, Richard J. Davis. «Crafting the Financial Settlement» i *American Hostages in Iran: The Conduct of a Crisis*, redigert av Warren Christopher, 201-234. New Haven: Yale University Press, 1985.
- Heiss, Mary Ann. «U.S. Interest in the Middle East since 1945,» i *Controlling the Uncontrollable?*, redigert av Tore T. Petersen, 77-95. Trondheim: Tapir Academic Press, 2006.
- Njølstad, Olav. «Shifting Priorities: The Persian Gulf in US Strategic Planning in the Carter Years,» *Cold War History* 4, no 3(2006): 21-55
- Njølstad, Olav. «The Carter Legacy: Entering the Second Era of the Cold War,» i *The Last Decade of the Cold War: From Conflict Escalation to Conflict Transformation*, redigert av Olav Njølstad. London: Frank Cass 2004, 196-225.
- Marrion, Forrest L.. «Air Force Combat Controllers at Desert One,» *Air Power History* 56, no. 1 (2009): 48-55
- Owen, Robert B.. «The Final Negotiation and Release in Algiers,» i *American Hostages in Iran: The Conduct of a Crisis*, redigert av Warren Christopher, 27-324. New Haven: Yale University Press, 1985.

Rise, Lars. En President i Krise: President Jimmy Carters Beslutninger i Tilknytning Til Gisselkrisen i Iran 1980. Hovudfagsoppgåve i samanliknande politikk, Bergen: UiB, 1989.

Sasley, Brent E. «Politics of Governing in the Middel East,» i *The Middle East, A Guide to Politics Economics, Society and Culture*, redigert av Barry Rubin, 1-113. Armonk: M.E. Sharpe 2012.

Saunders, Harold. «Beginning of the End,» i *American Hostages in Iran: The Conduct of a Crisis*, redigert av Warren Christopher, 281-296. New Haven: Yale University Press, 1985.

Sick, Gary. «Military Options and Constrains,» i *American Hostages in Iran: The Conduct of a Crisis*, redigert av Warren Christopher, 144-172. New Haven: Yale University Press, 1985.

## 7.5 Nettressursar

«Holloway report» 23. august 1980, henta 3. september 2014 frå <http://www2.gwu.edu/~nsarchiv/NSAEBB/NSAEBB63/doc8.pdf>.

Intervju med Saïd K. Aburish, PBS, henta 30.4. 2015 frå <http://www.pbs.org/wgbh/pages/frontline/shows/saddam/interviews/aburish.html>

«National Security Council» henta 12.januar 2015 frå <http://www.whitehouse.gov/administration/eop/nsc>

«National Intelligence Council» <http://www.dni.gov/index.php/about/organization/national-intelligence-council-who-we-are> henta 28. januar 2015

«Offices of CIA, history» <https://www.cia.gov/offices-of-cia/intelligence-analysis/history.html> henta 30.januar 2015

Jimmy Carter: "The State of the Union Address Delivered Before a Joint Session of the Congress. ," January 23, 1980. På nett av Gerhard Peters og John T. Woolley, *The American Presidency Project*. Henta 08. april 2015 frå <http://www.presidency.ucsb.edu/ws/?pid=33079>

Director of Central Intelligence «Soviet Military Options in Iran» 21.august 1980, henta 9. mars 2015 frå



[http://www.foia.cia.gov/sites/default/files/document\\_conversions/89801/DOC\\_0000681970.pdf](http://www.foia.cia.gov/sites/default/files/document_conversions/89801/DOC_0000681970.pdf).

Utdanningsdirektoratet, kompetansemål i historie, henta frå <http://www.udir.no/k106/SAF1-03/Kompetansemaal/?arst=98844765&kmsn=583858936> 06.mai 2015

Utdanningsdirektoratet, kompetansemål i samfunnsfag, henta frå <http://www.udir.no/k106/HIS1-02/> 06.mai 2015.